

## Samandrag

Dette er ei masteroppgåve frå Norges Teknisk- Naturvitenskapleg Universitet og Dronning Mauds Minne Høgskule i Trondheim. I denne oppgåva ynskjer eg å få eit innblikk om temaet stamming og korleis stamming kan påverke livet og kvardagen til ein som stammar. Difor blei problemstillinga utarbeida slik: *Korleis opplev tre vaksne menneske å leve med stamming?* For å hjelpe meg sjølv til å finne svar på dette, har eg nytta tre forskingsspørsmål:

- Korleis har stamminga verka inn på motivasjonen for yrkesvalet?
- På kva måte har stamminga hatt betydning for mestringsoppleveling i kvardagen?
- Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke?

Eg var interessert i å forstå korleis menneske opplev kvardagen med tanke på val av yrke, mestring og motivasjon, og kommunikasjon i yrkeslivet. Oppgåvas design er ein kvalitativ metode med intervju som forskingsmetode, der eg har tatt eit strategisk utval. Mitt utval består av tre vaksne menneske som har personleg erfaring om stamming. Intervjuet blei transkribert og eg har nytta tekstnær koding.

Ut av analysa kom eg fram til tre hovudkategoriar. Den første kategorien er ”erfaring frå eigen stamming”, kategori to er ”mestring” og den tredje kategori er ”aksept”. Mine funn viser at informantane har erfaring innan alle kategoriane, men den er veldig ulik. Studien viser at det er stor variasjon i kva grad informantane har blitt tilbedt av profesjonell hjelp til stamminga, og informantane har ulike tankar om logopedhjelp. I følgje empirien min kjem det fram at alle informantane opplev mestring i sin kvardag, om det er i arbeid eller studie. Korleis informantane har arbeida seg fram til denne mestringsopplevelinga er ulikt, men dei fortel at opplevelinga av positive tilbakemeldingar har gitt dei motivasjon for å arbeide vidare mot ein mestringsoppleveling. Mine funn under kategorien akseptering viser at to informantar har ulik oppleveling og tankar om aksepetering av eigen stamming. Noko som eg vil drøfte ved å sjå på ulike forhold som kan vere med på å påverke om ein person kan klare å akseptere eigen stamming.



## **Forord**

Etter enda forskulelærarutdanning i 2014 var eg ikkje i tvil om kva eg ville vidare, eg ynskja ei masterutdanning i spesialpedagogikk ved Dronning Mauds Minne i Trondheim. Temaet språk og språkvanskars har alltid vore spennande. Grunnen til dette kan vere min tidlegare bakgrunn med stamming i 20 år. Eg har alltid vore engasjert i temaet stamming, men på grunna av lese- og skrivevanskars var eg i tvil om eg kunne klare ei masterstudie. Med tru på meg sjølv og god støtte frå familie og venner har eg klart det. Sjølv om dette har vore utfordrande har eg sett meg delmål som har hjelpt meg på vegen, og no er eg komen til vefs ende. Eg er spent på kva vegen vidare blir, men eg håper at temaet stamming blir løfta fram i samfunnet og dette skal eg hjelpe til med.

Først og fremst må eg takke min rettleiar, Else Johansen Lyngseth, som har gitt meg gode råd og utfordra meg til å reflektere. Takk for at du har vore positiv, utfordrande og støttande i denne prosessen. Det har vore stor lærdom og ein inspirasjon å ha hatt deg som rettleiar. Takk for at du hadde tru på meg og min oppgåve.

Eg ynskjer å gi ein stor takk til mine informantar som ynskja å dele sin kvardag med meg. Takk for at dykk gav meg moglegheita til å skrive akkurat denne masteroppgåva.

Takk til min mann, Tom Erik, som har vore ei stor støtte gjennom periodar med frustrasjon og glede. Eg har sett stor pris på motivasjon og energien du har gitt meg. Eg vil takke mine foreldre, Marit og Eldar som har gjort masterarbeidet mogleg for meg. Til slutt vil eg gi ein stor takk til Karina og Kjetil som har tatt seg tid til å lese gjennom masteroppgåva å gitt meg konstruktiv tilbakemelding.

Trondheim 2017

Birte Haddal Engeset



## Innhaldsliste

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1 INNLEIING</b>                                      | <b>1</b>  |
| <b>1.1 AKTUALISERING AV TEMA</b>                        | <b>1</b>  |
| <b>1.2 PRESENTASJON AV TEMA</b>                         | <b>1</b>  |
| <b>1.3 AVGRENSEND OG PRESISERING AV PROBLEMSTILLING</b> | <b>2</b>  |
| <b>1.4 FORMÅLET MED OPPGÅVA</b>                         | <b>2</b>  |
| <b>1.5 OPPGÅVAS DISPOSISJON</b>                         | <b>3</b>  |
| <b>2 TIDLEGARE FORSKING</b>                             | <b>5</b>  |
| <b>3 TEORETISK RAMMEVERK</b>                            | <b>7</b>  |
| <b>3.1 STAMMING</b>                                     | <b>7</b>  |
| 3.1.1 KVA ER STAMMING?                                  | 7         |
| 3.1.2 KJERNEATFERD                                      | 8         |
| 3.1.3 STAMMEUTVIKLING                                   | 8         |
| 3.1.4 ULIKE PERSPEKTIV PÅ ÅRSAKER TIL STAMMING          | 10        |
| 3.1.5 HJERNEN OG TALEN                                  | 10        |
| 3.1.6 BIOLOGISKE ÅRSAKAR                                | 10        |
| 3.1.7 PROFESJONELL HJELP                                | 11        |
| <b>3.2 MESTRINGSFORVENTING</b>                          | <b>12</b> |
| <b>3.3 SJØLVKJENSLE</b>                                 | <b>13</b> |
| <b>3.4 MESTRINGSTILLIT</b>                              | <b>14</b> |
| <b>3.5 MOTIVASJON</b>                                   | <b>14</b> |
| 3.5.1 SELF-DETERMINATION THEORY (SDT)                   | 14        |
| 3.5.2 INDRE MOTIVASJON                                  | 15        |
| 3.5.3 BEHOV FOR AUTONOMI                                | 16        |
| 3.5.4 BEHOV FOR Å FØLE SEG KOMPETENT                    | 17        |
| 3.5.5 BEHOV FOR TILHØRIGHEIT TIL ANDRE                  | 17        |
| <b>3.6 MASLOWS BEHOVSPYRAMIDE</b>                       | <b>17</b> |
| <b>3.7 YRKESVAL</b>                                     | <b>18</b> |
| <b>4 METODISK FRAMGANGSMÅTE</b>                         | <b>21</b> |
| <b>4.1 METODE OG VITSKAPSTEORETISK FORSTÅING</b>        | <b>21</b> |
| <b>4.2 VAL AV METODE</b>                                | <b>21</b> |
| 4.2.1 BEGRUNNING  | 21        |
| 4.2.2 DESIGN  | 21        |
| <b>4.3 FENOMENOLOGISK TILNÄRMING</b>                    | <b>22</b> |
| <b>4.4 MIN FØRFORSTÅING</b>                             | <b>22</b> |
| <b>4.5 FORSKINGSPROSSEN</b>                             | <b>23</b> |
| 4.5.1 PLANLEGGING                                       | 23        |
| 4.5.2 INTERVJUGUIDEN                                    | 24        |
| 4.5.3 PRØVEINTERVJU                                     | 25        |
| 4.5.4 UTVAL   | 25        |
| 4.5.5 GJENNOMFØRING                                     | 26        |
| <b>4.6 FORSKARROLLA</b>                                 | <b>27</b> |
| <b>4.7 ETISKE OMSYN</b>                                 | <b>29</b> |
| <b>4.8 KRAV OM INFORMERT OG FRITT SAMTYKKE</b>          | <b>30</b> |
| <b>4.9 KRAV OM KONFIDENSIALITET</b>                     | <b>30</b> |

|   |           |
|---|-----------|
| <b>4.10 KONSEKVENSAR</b>                            | <b>30</b> |
| <b>4.11 ANALYSE</b>                                 | <b>31</b> |
| 4.11.1 STEGVIS- DEDUKTIV INDUKTIV METODE            | 31        |
| 4.11.2 TRANSKRIBERING                               | 31        |
| 4.11.3 TEKSTNÆR KODING                              | 32        |
| <b>4.12 KVALITET I KVALITATIV FORSKING</b>          | <b>33</b> |
| 4.12.1 GYLDIGHEIT                                   | 33        |
| 4.12.2 PÅLITELEGHEIT                                | 33        |
| 4.12.3 NATURALISTISK GENERALISERING                 | 34        |
| <b>5 PRESENTASJON AV FUNN OG DRØFTING</b>           | <b>35</b> |
| <b>5.1 ERFARING FRÅ EIGEN STAMMING</b>              | <b>35</b> |
| 5.1.1 BARNDOM                                       | 35        |
| DRØFTING  | 36        |
| 5.1.2 PROFESJONELL HJELP                            | 37        |
| DRØFTING  | 38        |
| <b>5.2 MESTRING</b>                                 | <b>40</b> |
| 5.2.1 OPPLEVING AV MESTRING                         | 40        |
| DRØFTING  | 42        |
| 5.2.2 MENTALITET OG SJØLVKJENSLE                    | 43        |
| DRØFTING  | 45        |
| 5.2.3 STØTTE FOR Å MESTRE                           | 46        |
| DRØFTING  | 49        |
| <b>5.3 AKSEPT</b>                                   | <b>50</b> |
| 5.3.1 AKSEPT AV EIGEN STAMMING                      | 50        |
| DRØFTING  | 51        |
| 5.3.2 VAL AV YRKE OG KOMMUNIKASJON                  | 53        |
| DRØFTING  | 55        |
| <b>6 AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR</b>                   | <b>57</b> |
| <b>6.1 MINE FUNN</b>                                | <b>57</b> |
| 6.1.1 ERFARING MED EIGEN BARNDOM                    | 57        |
| 6.1.2 MESTRING                                      | 58        |
| 6.1.3 AKSEPT  | 59        |
| <b>6.2 EIGEN REFLEKSJON</b>                         | <b>60</b> |
| <b>6.3 TANKAR VIDARE</b>                            | <b>60</b> |
| <b>7 REFERANSELISTE</b>                             | <b>61</b> |
| <b>VEDLEGG 1: INFORMASJON OG SAMTYKKESKJEMA</b>     | <b>69</b> |
| <b>VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDEN</b>                    | <b>73</b> |
| <b>VEDLEGG 3: NSD</b>                               | <b>75</b> |
| <b>VEDLEGG 4: TEKSTNÆR KODING OG KATEGORISERING</b> | <b>77</b> |

## **1 Innleiing**

Denne oppgåva har stamming som hovudtema. Spiren til oppgåva kjem frå mi personlege erfaring og interesse om stamming. Etter omrent 20 år der eg sjølv har hatt eit forhold til stamming, ynskjer eg å løfte det opp og fram i denne masteroppgåva. I løpet av spesialpedagogikkutdanninga mi har denne interessa vorte sterkare. Saman med teori om mestring, kommunikasjon og motivasjon skal eg belyse sentrale aspekt når det gjeld temaet stamming.

### **1.1 Aktualisering av tema**

I St.meld. nr.23, *Språk bygger broer*, står det at barn er avhengige av språket for å lære. I kommunikasjon med andre tileignar barnet seg ein identitet og ein tilhøring i fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 17). I dagens samfunn er det større krav til verbalspråkelge prestasjonar i tidleg alder. Kommuna har eit overordna ansvar for å drive førebyggande verksemد og tilby nødvendige tenester for dei barna som har behov for det (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 19). For barn som heng etter i språkutvikling er tidlig innsats nøkkelen for å løfte desse barna opp og hjelpe dei med språkutviklinga. I St.meld. nr. 16, *og ingen sto igjen*, tidlig innsats kan oppfattast både som innsats på eit tidleg tidspunkt i livet til barnet og som tidlig innsats i barnets problem (Kunnskapsdepartementet, 2007, s. 10). Det som er viktig er at alle barn og unge som visar teikn til språkvanskår får tidleg hjelp. Difor er det viktig at lærarar ikkje har haldninga ”vente og sjå”. Dersom eit barn får tidleg hjelp er sjansen større for at språkvanskén kan reduserast og at barnet lykkast med verbalspråkleg utvikling seinare i livet (Kunnskapsdepartementet, 2007, s. 27).

### **1.2 Presentasjon av tema**

Eg meiner at stamming er ein lite omtalt talevanske innanfor førskule- og spesialpedagogutdanningane (Høgskulen i Volda, 2014). Gjennom mi tid med stamming fekk eg aldri tilbod om noko profesjonell hjelp med logoped. Det var aldri nokon lærar som tok tak i at eg stamma og gjorde meg og stamminga synleg, den blei dekt over. Opplevinga av å mestre førskulelærarstudiet har vore med på å gjere meg sterkare som person, meir sjølvskjær og meir bevisst på kva eg ynskjer.

Stamminga kan vere eit problem for mange, både for store og små. I småbarnsalderen kan ein ha ein spesiell form for stamming, nemleg stuttring. Dersom denne stuttringa blir verre og

ikkje avtar kan barnet utvikle talevansken stamming (Hagtvet, 2012, s. 179). Nord (2003) fortel at stamming gir uttrykk for å vere ein talevanske som berre barn har og at ein veks det av seg. Når ein blir vaksen handlar det om å få kontroll på eige liv og framstå som ein autoritetsfigur. Av personleg interesse ynskja eg å fokusere på vaksne menneske som hadde personleg erfaring med stamming. Sidan eg har opplevd mestring i mitt yrkesval, er det interessant å skulle fokusere på denne biten.

Eg har no komen fram til følgjande problemstilling:

*Korleis opplever tre vaksne menneske å leve med stamming?*

- Korleis har stamminga verka inn på motivasjonen for yrkesvalet?
- På kva måte har stamminga hatt betyding for mestringsoppleveling i kvardagen?
- Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke?

### **1.3 Avgrensing og presisering av problemstilling**

Denne masteroppgåva er ein kvalitativ oppgåve med intervju som hovudforskingsmetode. Lesar får ta del i tre vaksne menneske si subjektive erfaring, tankar og opplevelingar om stamming. Som forskingsspørsmåla mine viser ynskja eg å gå i djupna på motivasjon, mestring, kommunikasjon og korleis det har påverka valet av yrke. Sidan oppgåva tar føre seg hendingar som har skjedd tidlegare i livet til informantane, vil det vere eit retrospektivt intervju. Fortida kan ikkje rekonstruerast, som Knutsen (2002, s. 192) fortel. Eg har difor stilt meg kritisk til kva informantane har fortalt om sin barndom fordi eit minne kan vere uklart og kjensla for ein opplevd situasjon kan endre seg.

### **1.4 Formålet med oppgåva**

Mitt formål med denne oppgåva er å gjere temaet stamming synleg for forskulelærarar, lærarar, helsepersonell, personar som stammar og foreldre til barn som stammar. Som forskulelærar og spesialpedagog er det stor sjanse for å møte menneske som har talevansk. Eg ynskjer å kunne hjelpe store og små med dette, og vere med på å avdekke talevansen tidleg. Tidleg hjelp er vesentleg for dei som stammar (Kunnskapsdepartementet, 2007, s. 10). Eg skriv denne masteroppgåva fordi eg ynskjer at andre menneske, både dei som stammar og ikkje, skal kunne kjenne seg igjen i det og vite at ein ikkje er aleine. For dei som ikkje har erfaring med stamming er oppgåva med på å gi eit innblikk i korleis det kan vere å stamme, kva følgje stamminga kan gi og korleis kan stamming påverke livet til nokon. Eit stort formål med masteroppgåva mi er å få fram det positive med stamming, for å setje lys på dette må eg

få fram utfordingar informantane med stamming møter i daglelivet. Sjølv om personen stammar kan han likevel få eit godt liv.

Sjølv om eg har personleg erfaring med temaet stamming ynskjer eg å få meir kunnskap om teamet. Den beste måten å få kunnskap på er å møte menneske som sit med personlege erfaringar. Etter å ha lest mykje om stamming og teoriar som er relevant for temaet, har eg lært mykje nytt om stamming og kva følgjer det kan gi i livet.

### **1.5 Oppgåvas disposisjon**

I Kapittel 2 ynskjer eg å presentere tidligare forsking om stamming.

I Kapittel 3 vil eg gjere greie for det teoretiske rammeverket som er grunnlaget i oppgåva. Eg vil først gå inn på talevansken stamming og trekke fram stammeutvikling, årsakar til stamming og profesjonell hjelp. Vidare vil eg kome inn på teorien om Self-efficacy av Bandura (1977), teorien om Self-Determination av Deci og Ryan (2000a) og til slutt Maslows behovspyramide og yrkesvalteori.

I Kapittel 4 vil eg gjere greie for den metodiske framgangsmåten for oppgåva. Her vil eg grunngi mine val av metode og beskrive forskingsprosessen. Eg vil deretter kome inn på forskarrolla og dei etiske omsyna eg har tatt for oppgåva, og til slutt analysering og transkribering av datamaterialet.

I Kapittel 5 vil eg presentere mine funn og drøfte dei i lys av teori og tidlegare forsking.

I Kapittel 6 vil eg oppsummere oppgåva med avsluttande refleksjonar og tankar vidare.



## 2 Tidlegare forsking

I denne delen ynskjer eg å presentere tidligare forsking som er relevant for mi oppgåve, med utgangspunkt i korleis det er å leve med stamming. Eg har eit inntrykk av at forskingsfeltet om stamming er stort og veldig vidt. Eg har difor valt å fokusere på ein studie gjort i England og ei ny bok gitt ut i 2017 i Noreg.

Isobel Crichton- Smith (2002) har utarbeida ein studie om stamming og livskvalitet. Studien handlar om menneske si oppleving med stamming. Funna viser at kjerneopplevinga med stamming er liding, hjelpeøyse, skam og stigma, men at dette vil variere i ulike stadar i livet. For nokre er lidinga akutt i barndomen og forsvinn gradvis når ein blir eldre, men for nokre var lidinga større i eldre alder. Studien viser at menneske med stamming har det vanskeleg med å få seg eit yrkesliv. Det vanskelege med yrkeslivet er det kommunikative aspektet. I studien kjem det også fram at stamminga er ein byrde som gjer det vanskeleg å leve eit fullverdig liv, stamminga set heller avgrensingar.

Martin Aasen Wright (et al., 2017) har gitt ut ei bok, *Ord til besvær, livet med stamming*. Denne gir eit innblikk i korleis det er å stamme heile livet, frå barndomen og til voksenalderen. Boka er den første i Noreg som fortel livshistorier til menneske som stammar med eit fagleg innhald. Stamming har prega livet til ni vaksne menneske, både innanfor skule, studier, yrkesliv, kjærleiksliv og det sosiale forholdet til venar og familie. Boka gir også eit teoretisk perspektiv på kva stamming er og skuldast, og kva stamming har å sei for det sosiale og emosjonelle forholdet til eit menneske.



## 3 Teoretisk rammeverk

### 3.1 Stammering

I eit forsøk på å sette ein definisjon på kva stammering er har eg lest artiklar, bøker og anna forsking. Det er mange som uttalar seg om stammering og denne typen talevanske. Ut frå diverse definisjonar om stammering har ulike forskrarar valt å halde fokus på ulike sider ved stammeringa, alt etter kva ein vektlegg. Nokon har fokus på symptom ved stammering og andre har fokus på kommunikasjonsmessige perspektiv (Yairi & Ambrose, 2005, s. 14). Noko som går att både hos Charls Van Riper (1971) og Berry Guitar (2014) er at begge har fokus på repetisjon, forlenging eller blokkering av taleflyten, men begge fortel at det er vanskeleg å setje ein definisjon på stammering. Shapiro (2011) fortel at alle definisjonar om stammering utgjer ei sannheit, trass i at det er stor variasjon i definisjonane. Hans fokus er at stammering er ein kommunikasjonsvanske som skapar ufrivillig forstyrringar i talen (Shapiro, 2011, s. 8). Mange teoretikarar og forskrarar ligg nær kvarandre og World Health Organization (WHO), difor har eg valt definisjonen om stammering av Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sjukdomar og tilsvara helseproblem (ICD- 10).

#### 3.1.1 Kva er stammering?

ICD-10 er den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sjukdomar og relaterte helseproblem. Dette kodeverket er eit reiskap for å definerer sjukdomar, forstyrringar, skadar og andre relaterte helseforhold. Under F98.5 finn ein definisjonen på stammering. "Talen kjennetegnes av hyppig gjentagelse eller forlengelse av lyder, stavelser eller ord, eller ved hyppig nøling eller pauser som avbryter den rytmiske talestrømmen. Diagnosen skal bare brukes hvis forstyrrelsen er så alvorlig at den tydelig forstyrre taleflyten" (Direktoratet for e-helse, 2016).

Dette er ein meir omfattande, presis og lengre definisjon på kva stammering er. Her blir det fortalt om repetisjon, blokkering og gjentaking av ord og lydar. Mykje av talevanske stammering er individuelt, difor kan den gripe inn og framstå på ulike måtar. Menneske som stammar kan også ha ein urytmisk talestrøming der bruk av pausar blir unormalt plassert. Ein skal difor vere observant på småbarn sitt talespråk. Det kan oppstå utviklingsfasar som gir teikn til stammering, men som kan vere stuttring. Stammering kan ha ulike konsekvensar for

ulike menneske, og for nokre vil det påverke både på eit individuelt og sosialt nivå, og kan også gi vanskar på eit kommunikativt, psykologisk og emosjonelt nivå.


### 3.1.2 Kjerneåtferd

I Guitar (2004) sin Ph.D., *Stuttering, An Intergrated Approach to Its Nature and Treatment* har han adoptert omgrepene "core behaviors" av Charls Van Riper (1971), for å forklare dei grunnleggande trekka i stammeåtferda. Repetisjon er ein lyd, stavning eller enkeltstavelses ord som gjentakast fleire gongar. Den som snakkar står fast på ein lyd og repeterer denne. Forlenging handlar om at lyden eller luftstraumen fortsetter, men artikulasjonen stoppar. Til slutt fortel Guitar (2014, s. 8-9) om blokkeringar. Dette er som oftast den siste oppførselen som dukkar opp. Blokkering oppstår når ein person som stammar feilaktig stoppar straumen av luft eller stemme. Ei slik "låsning" kan ofte observerast i leppe- eller kjeveområdet fordi det kan oppstå skjelvingar. Enkelte stenger luftvegen og lufttrykket aukar bak lukkeanordninga, ein vil då knipe att musklane.

Forsking viser at ein person som stammar gjer det i gjennomsnitt 10% på orda ein les høgt. Sjølvsagt vil dette variere frå individ til individ, der nokre stammar på 5% av orda og andre 50% (Guitar, 2014, s. 9).

### 3.1.3 Stammeutvikling

Å lære seg eit verbalt språk er ein stor prosess, som krev god koordinasjon (Alm, 1995, s. 25). For å forklare tydlegare kvar stammevansken ligg, ynskja eg å nytte Reynells språkmodell som presenterer fem nivå i normal språkforståing og språkproduksjon:



Figur 1: Nivå som inngår i språkleg kommunikasjon (Hagtvet et al., 1985, s. 18).

Det startar med impressive prosessar som er nivå 1-2, språkhørsel og språkforståing. Vidare går det til nivå 3, omgrepsdanning og integrering, som er intellektuelle prosessar og har viktig betyding for utvikling og handtering av språk. Nivå 4-5 er talespråk og artikulert tale, som også blir kalla for ekspressive prosessar. Det er i desse nivå at stamminga gir uttrykk (Hagtvet et al., 1985, s. 18). Dei som stammar slit ikkje med forståinga av språket, men har vanskar med å uttrykke språket verbalt. ”Stamming utvikler seg når et barn som er disponert for stamming av nevrologiske og/ eller arvelige årsaker blir utsatt for store utviklings- og miljømessige utfordringar”, sei Heitmann (2016, s. 15). Stamming oppstår oftast i barnets tidlegare alder, mellom 2- 5år. Mange småbarn går igjennom ei språkutvikling som kan blir prega av stuttring eller periodisk stamming. Dette vil nødvendigvis ikkje utvikle seg til stamming, sidan stamming førekjem hjå ca. 5% av alle førskulebarn, men berre 1% vidareutviklar det (Espenakk et al., 2007, s. 33-34). Barnet skal koordinere og planlegge talen sin, noko som kan ver vanskeleg. Dette kan ofte føre til ”hakking” eller ”stuttring”. Som vaksen bør ein vere litt observant sidan dette kan vere ein forlaupar til stamming (Preus, 1987, s. 25). Hagtvæt (2012) fortel at ein tidlegare ikkje sette inn tidleg hjelp eller retta oppmerksamheita mot stamming, fordi ein var redd for å gjere noko feil eller forverre situasjonen. No har det vist seg at tidleg hjelp til barn som stammar har gitt vellukka resultat (Hagtvet, 2012, s. 178). Når eit barn utviklar stamming vil det vise mange kroppslege uttrykk og emosjonelle reaksjonar som ein ikkje fin hjå andre barn på same alder (Preus, 1987, s. 27). Espenakk (et al., 2007) fortel at i 2-3åralderen er barn i stor språkleg utvikling. Barn har om lag 1000 ord og skal frå 3-4årsalderen tileigne seg dobbelt så mange. Difor er det viktig å tenkje på at barna som byrja å stamme eller stuttre kan ha vanskar med munnmotorikken (Espenakk et al., 2007, s. 21).

Eit fon er den minste betydningsskiljande eining i lydsystemet vårt. Det handlar altså om korleis språklydar blir artikulert, omdanna til lydbølgjer og til slutt korleis det blir oppfatta av hørselen vår (Hagtvet, 2012, s. 64). Ein merkar at eit barn har uttalevanskar når det ikkje følgjer det normale utviklingsmønsteret. Ein kan observere at barn har vanskar når det slit med å etablere eit lydsystem og bruke dette aldersadekvat (Espenakk et al., 2007, s. 31). Når eit barn stammar vil det då ha vanskar med artikulasjon av ulike fonem, fordi det omfattar gjentaking, blokking eller forlenging av fonar.

### **3.1.4 Ulike perspektiv på årsaker til stamming**

Det er mange måtar å betrakte stamming og stamminga sine årsaker på. Ut i frå kva faggrupper og profesjonelt syn forskarar har, har dei alle ein eigen innfallsvinkel på årsaken til stamminga (Christmann & Knudsen, 1991, s. 10). Forsking på stamming er eit aktuelt tema i dag, og forskarar og teoretikarar utviklar stadig sin kunnskap om temaet. Det finst mange usvarte spørsmål når det gjeld årsaka til stamming, og det er difor viktig at forskarar held seg oppdatert på denne fronten. Alm (1995) fortel at stamming er eit taleproblem med biologiske årsakar. Med dette meiner han at den delen i hjernen som styrer talen er ustabil, som medfører brot i talen. Talen kan også blir brote på grunn av miljø og psykologiske faktorar (Alm, 1995, s. 30). I tillegg kan stress, taleangst og usikkerheit i ulike sosiale situasjonar forverre stamminga. Guitar (2014, s. 5) har ulike perspektiv og forsking på kva faktorar som kan vere årsaka til at ein person stammar, men at hovudgrunnen til dette framleis er usikker. Ingen forskarar har enno komen fram til kva som er årsaken til stamming, men Guitar (2014, s. 23) fortel at forsking visar til nye bevis om at arv og miljø er med på å fremme stamming, men genar kan ikkje fungere aleine, difor er det og avhengig av andre element som blir ”kasta” tilfeldig på personen som stammar.

### **3.1.5 Hjernen og talen**

Ofte blir det sagt at det ikkje er hjernen som styrer stamminga, fordi ein person kan stamme mindre i ulike settingar. Det er hjernen som planlegg, styrer og kontrollerer talen vår, men den jobbar ulikt og brukar ulike delar i forskjellige sosiale settingar (Alm, 1995, s. 48). Talen blir normalt styrt av venstre hjernehalvdel. Dersom talefunksjonen blir forstyrra av andre delar i hjernen kan det kome eit brot i talen og medføre stamming. Ofte kan høgre hjernehalvdel blande seg inn i prosessen og Alm (1995) forklarar det med at ein har to kapteinar som prøvar å segle ei skute (Alm, 1995, s. 30). Når to hjernehalvdeler prøver å styre talen samtidig vil musklane i tunge og lepper spenne seg og ein vil få problem med å få fin flyt i talen. Både eldre og nyare forsking på hjernefunksjonar hjå menneske som stammar har vist at dei som stammar har ein meir aktiv høgre hjernehalvdel enn dei som ikkje stammar (Guitar, 2014, s. 29).

### **3.1.6 Biologiske årsakar**

Guitar (2014) fortel at stamming ofte går i arv. Dette er registrert av ulike forskarar, men desse forskarane er litt ueinige i korleis dette går føre seg. Nokre meiner at det er forårsaka av ein arveleg nevrologisk differanse eller uregelmessigheit, medan andre meiner at stamming er

medfødd, eller at tidleg traume kan vere bakgrunnen for at stamming oppstår. I mange år har forskarar gått frå den eine teorien til den andre og argumenterer mellom desse. Men noko alle er einige i er at stamming kan vere ein genetisk faktor (Guitar 2014, s. 23). Yairi og Ambrose (2005) fortel at nyare forsking og arbeid har hatt eit større fokus på polygene faktorar, og miljøets rolle. Fokuset i forskinga ligg no på familiær historie, tvillingar og andre mønster som omhandlar genetikk. Det som er viktig i dette forskingsarbeidet er at forskarar og klinikarar har tilstrekkeleg kunnskap om genetikken si rolle i stamminga, slik at dei som stammar skal få ein betre forståing av deira talevanske (Yairi & Ambrose, 2005, s. 285).

### **3.1.7 Profesjonell hjelp**

I følgje Lov om folketrygd (1997, § 5-10) har personar som stammar eller løpsk tale rett til logopedhjelp. Sjansen for at ein person kan bli kvitt stamminga er større om ein får tidleg hjelp (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 41). Om barnet får logopedhjelp kan dei foreta ulike formelle testar av talen og sette inn hjelp som er aktuelt for den personens som stammar. Observasjon i samhandling med foreldre og andre barn er også relevant (Norsk Helseinformatikk, 2015). For at eit barn skal få hjelp tidleg er det viktig at både foreldre, pedagogar, lærarar, PPT- tenesta, fastlegen og/ eller helsesøster er med på å observere og ta dette på alvor. Norsk interesseforening for stamming (NIFS) har laga ein liste over råd til lærarar som har elevar med taleflytvanskar, blant anna er det viktig å ha god kontakt med elev, føresette og logoped om korleis eleven kan delta i undervisninga. Vil eleven delta på høgtlesing og spørsmål som stillast? Vidare er det viktig at elev og lærar har tydleg augekontakt. Læraren må ha tid til å lytte og eleven må vere roleg og avslappa. Snakk med eleven om kva han/ ho tenkjer om avbrytingar i stamminga, nokre personar som stammar har ikkje noko imot dette, men for enkelte kan dette vere vanskeleg (NIFS, 2017b).

Barnehagen har ein rolle i å hjelpe barn som stammar, det viktigaste barnehagepersonalet kan gjere er å styrke språk, tale og kommunikasjonsfaktorar i barnehagen. Personalelet må vere bevisst på si språklege rolle, både framstå som gode rollemodellar, men og hugse på at barn som stammar kan føle det vanskeleg å leve opp til eit talespråkleg forbilde (Heitmann, 2016). Difor er riktig tempo i talen, enkle og korte setningar tiltak barnehagepersonlet kan arbeide med, og som kan føre til at eit barn opplev mestring i sin kvardag.

### **3.2 Mestringsforventing**

Mestringsforventning handlar om menneske si forventing til å kunne utføre ei bestemt oppgåve. Det handlar om å kunne greie noko spesifikt på ei gitt tid (Skaalvik & Skaalvik, 2015, s. 18). Dersom ein har høg mestringsforventning vil ein også ha større motivasjon og ynskjer å arbeide ekstra hardt for å lukkast. Ein kan sjå ein større verdi av å yte høgare, legge inn ein større innsats og vise eit større engasjement.

Albert Bandura (f. 1925) har utarbeida ein teori som blir kalla for "Self-efficacy", ein kan omsetje dette til "mestringsforventing". Dette handlar om menneske si førestilling og evne til å utføre og vise innflytelse ovanfor hendingar som påverkar livet deira. Ein annan måte å tenkje på Self-efficacy er den tillita ein person har til eiga evne til å utføre ei oppgåve. Self-efficacy går ut over menneskets kjensler, tankar, motivasjon og oppførsel. Menneske som har lita tru på seg sjølv og sine evner unngår gjerne situasjonar som viser til lita mestringsforventing. Når omfanget av ein persons mestringsforventing er låg, kan tillita avgrensast til åtferd eller oppgåver som ikkje verkar vanskelege. Når ein vanskeleg situasjon oppstår kan personen mangle tillit til seg sjølv og korleis han bør handle (Bandura, 1977). Ofte er det ikkje mykje som skal til før personen mistar trua på seg sjølv og unngår situasjonen. Ein må også vere litt bevisst på at ein person kan ha låg mestringsforventing til ein gitt situasjon, men betre i ein annan. Når ein personar har mestringsforventing, har han ofte tru på eiga evne fordi denne evna har hjelpt han før. Når personen opplev dette og ser verknaden av det, ynskjer han å gjere det på nytt og aukar dermed trua på seg sjølv (Brumoen, 2007, s. 102).

For at mennesket skal oppleve suksess, må det lære seg å mestre. Bandura (1994) nemner fire hovudkjelder som kan føre mestringsforventing. Den første handlar om å mestre gjennom positive opplevelingar. Det er då viktig å hugse på at ein vil møte noko motgang, men at ein må lære seg strategiar for å kome vidare og over desse. Ein anna veg for å skape styrke og tru på seg sjølv er å søke etter rollemodellar som lev i liknande situasjonar. Desse rollemodellane har kunnskap, ferdigheiter og strategiar som kan hjelpe mennesket som stammar i liknande situasjonar. Den tredje metoden handlar om at ein skal overbevise seg sjølv verbalt om at ein har dei evnene som skal til for å mestre gitte aktivitetar og oppretthalde sine ferdigheitar. Den fjerde og siste måten for å mobilisere Self-efficacy på er å redusere menneskets stressreaksjonar og endre den negative kjensla mennesket har om deira eige fysiske tilstand (Bandura, 1994, s. 71-81) Enkelte menneske har lita forventning til mestringsforventing og vil ofte senke

eigen innsats eller gi opp når han møter motstand. Dette er i motsetning til ein med større mestringsforventning som gjerne har større uthald til oppgåvane og dei utfordringane han vil møte (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 83).

### 3.3 Sjølvkjensle

Nathaniel Branden har gjort viktig arbeid innanfor temaet sjølvkjensle. Liverød (2016, s. 16) fortel at Branden (1989) påstår at alt frå angst, depresjon, frykt for intimitet, frykt for å mislukka til frykt for suksess involvera vår sjølvkjensle. Den viktigaste vurderinga ein gjer er sjølvvurdering. Kva er sjølvkjensle? Eg har valt å fokusere på Skaalvik og Skaalvik (1996), Liverød (2016) og Branden (2013) sine forståingar av sjølvkjensle.

Betre prestasjonar og auka motivasjon har stor betyding for korleis ein ser på seg sjølv. Det er og viktig korleis ein gjennomfører arbeidet sitt eller kor godt ein lukkast med det. Skaalvik og Skaalvik (1996) meiner sjølvoppfatning handlar om alle oppfatningane, vurderingane, forventingane, tru og kjennskap som ein har om seg sjølv. Sjølvoppfatninga vår kan varierer frå situasjon til situasjon og frå til livsfase til livsfase. Det er ikkje berre våre eige tankar og kjensler som er med på å avgjere vår sjølvoppfatning, til dømes kan også familie, vener, kollega og andre personar som gir tilbakemelding på korleis ein er og handlar påverke dette (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 15). Liverød (2016, s. 16) fortel om to komponentar som handlar om sjølvkjensle: det handlar om å føle seg kompetent og verdig. Menneske skal ha tru på at dei er kapable til å handtere utfordringar dei møter i livet. Sjølvkjensle handlar om å oppleve at ein er verdt noko. Dette er noko ein opplever gjennom heile livet, og spesielt i møte med nye menneske. Det er gjennom andre ein kan forstå oss sjølv. Ein definerer seg som person gjennom eige tankar, kjensler og handlingar. Om nokon av tankane, kjenslene eller handlingane blir endra, vil ein kunne handle på ein ny måte og dermed endre seg som menneske. Branden (2013) fortel at eit sunt nivå av sjølvkjensle kan påverke alle aspekt i livet, mellom anna karriere. Dess meir positiv sjølvkjensle ein har, dess meir sannsynleg er det at ein vil takle utfordringar undervegs. For å ha god sjølvkjensle meiner Branden (2013) at det er nødvendig å ha ei tillit og evne til å tenkje, lære og ta vare på det ein kan. Liverød (2016, s. 19) brukar orda *mental trening*, som handlar om å engasjere seg i mentale prosessar som fargar vår eiga oppleveling. I mental trening løftar ein tankar, arbeidar mot innsikt og trenar oppmerksamheita for å få meir ut av livet med mindre stress undervegs (Liverød, 2016, s. 22).

Det å mentalt godta for ein person at han stammar kan vere vanskeleg. Branden (2013) skriv at det krevast mykje for at ein person skal godta seg sjølv. Første steget vil vere at ein ynskjer ei forandring i livet. Det er viktig å hugse på at å godta ikkje er det same som å like. Når ein er i stand til å respektere seg sjølv, er ein på veg mot å godta seg sjølv (Branden, 2013, s. 49). Med dette meiner han at ein vil få eit harmonisk forhold til seg sjølv, som igjen førar til at sjølvkjensla blir sterke. For å kunne klare dette er det viktig at ein er motivert for å gjere det, utan dette vil ein ikkje klare å forandre seg.

### **3.4 Mestringstillit**

Mestringstillit er knytt til behovet for endring. I følgje Brumoen (2007) påverkar mestringstillit vår motivasjon for å starte ei endring og moglegheita for å gjennomføre denne endringa. Vidare fortel Brumoen (2007) at ein person med låg mestringstillit har lita tru på at det er mogleg å gjennomføre endringar i sitt eige liv. Grunnen til at nokre kan tenkje slik er fordi dei føler at dei ikkje har evnene, ferdighetene, kunnskapen eller kompetansen til å få det til. Alle menneske har ulik mestringstillit på ulike felt, difor er det samtidig viktig å ikkje samanlikne seg med andre menneske. Sidan ein har ulike områder ein er god eller därleg på og difor har ulik mestringstillit, er det mogleg å måle desse for å finne ut kva ein må gjere for å auke tilliten (Brumoen, 2007, s. 107-108). For at ein skal klare å overføre mestringstillit frå eit felt til eit anna, må ein finne ut kva ein gjorde for å få den mestringstillita i utgangspunktet. Kva kunnskap og ferdigheter har ein som ein kan trekke med seg vidare? Når ein har lykkast med mestringstillita vil sjølvkjensla også auke. Personen opplev mestring og ynskjer å gjere det same igjen for å oppnå same kjensle på nytt.

### **3.5 Motivasjon**

Motivasjon er involvert i alle sider ved eit menneske sitt liv og utvikling. Kva som motivera oss kan ofte bety forskjellen på suksess og nederlag.

#### **3.5.1 Self-Determination Theory (SDT)**

Den amerikanske psykologen Edward Deci og kollega Richard Ryan fortel at motivasjon er noko alle har, men det handlar om motivasjonen er god eller därleg. Deci og Ryan (2000a) fortel grovt sett at menneske har ein ytre og ein indre motivasjon, der den indre motivasjon vil vere fokuset for denne oppgåva. Saman har Deci og Ryan utarbeida Self-Determination Theory (SDT), ein samlebetegnelse for ulike miniteoriar. Teorien omhandlar utviklinga og

verknaden av personlegdomen i sosiale kontekstar. Dei fire miniteoriane er, 1) *teorien om grunnleggande behov* (Basic Need Theory - BPNT), 2) *teorien om kausal orientering* (Casuality Orientation Theory - COT), 3) *teorien om kognitiv vurdering* (Cognitive Evaluation Theory - CET) og 4) *teorien om organisk integrasjon* (Organic Integration Theory - OIT), desse fire miniteoriane skal eg skildre litt nærmare (Deci & Ryan, 2000a).

Teorien om grunnleggande behov (BPNT) tar utgangspunkt i behov for kompetanse, autonomi og for tilhøring som må til for at eit menneske skal vekse og utvikle seg (Broeck et al., 2010). Med mangel på å tilfredsstille dei psykologiske behov vil dette ha ei negativ innverknad på menneskets indre motivasjon (Deci & Ryan, 2000b). Teorien om kausal orientering (COT) handlar om korleis mennesket orienterer seg ved oppfatningar, tolkingar, handlingar og hendingar. Teorien om kognitiv vurdering (CET) handlar om effekten av sosiale kontekstar ved den indre motivasjonen og korleis dette påverkar kvarandre. Blant anna er det vist at positiv og informativ verbal tilbakemelding gir positiv effekt på indre motivasjon, som igjen fører til oppleving av kompetanse. Teorien om organisk integrasjon (OIT) forklarar korleis åtferd som er motivert av den ytre faktorar kan internaliserast hjå menneske. Det handlar om at menneske tar opp og aksepterer verdiar og normer som samfunnet forventar på grunn av ytre faktorar (Deci & Ryan, 2000a). Alle desse fire miniteoriane vil eg kome inn på i drøftinga der eg ser på dei aleine, men også som eit samla bildet i SDT teorien.

### **3.5.2 Indre motivasjon**

Den indre motivasjonen er eit resultat av tre grunnleggande psykologiske behov: behov for kompetanse, for autonomi og for tilhøyring. I motsetning til indre motivasjon vil ikkje ytre motivasjon gi det same resultatet, fordi ein ser på aktiviteten eller oppgåva som eit middel til å nå eit anna mål.

SDT- modellen antek at mennesket har ein medfødt tendens til å utvikle ferdigheitar, møte utfordringar og utforske nye situasjoner i fråvær av den ytre motivasjon som krav eller påskjøning. Denne medfødde tendensen er den grunnleggjande føresetnad for den indre motivasjonen, mennesket er motivert fordi det er fascinert av eit problem, tema, oppgåve eller område (Wormnes & Manger, 2005, s. 26). Motivasjonen sit i rota for sjølve aktiviteten, mennesket ynskjer å lære noko, utan å vere avhengig av ytre faktorar.

Motivasjon er høgt verdsatt på grunn av dei konsekvensane den produserer. Motivasjon kan føre til energi, retning og uthald. Menneske prøvar å lære, mestre nye ferdigheter og bruke sine talent på ein ansvarleg måte (Deci & Ryan, 2000b). SDT- modellen fokuserer på å finne den indre motivasjon, samt å finne interesse, nysgjerrigkeit, omsorg og verdiar. Dette kan vere med på å oppretthalde lidenskapen, kreativiteten og ein vedvarande innsats (Self-Determination Theory, 2017). Mennesket er eit aktivt vesen av natur; ein prøvar å få kontroll på miljøet og dei kreftene som påverkar. Dessutan er det indre prosessar som er med på å styre, utvikle og justere åtferda vår. Dei grunnleggande psykologiske behova er naturlege aspekt ved vår natur som gjeld alle menneske, og dette er grunnstammen for indre motivasjon. Eg vil no kort presentere desse tre behova kvar for seg.

### **3.5.3 Behov for autonomi**

Behovet for autonomi representerer individets ynskje om å føle vilje og å oppleve ein kjensle av val og psykologisk fridom når ein utførar ein aktivitet. Det handlar om å ha kontroll på eigne omgjevnadar og at ein kan velje å gi frå seg kontroll (Broeck et al., 2010). Når nokon er indre motivert, arbeidar ein godt og legg inn ein stor innsats i det ein gjer fordi ein likar det, med andre ord så gjer ein det autonomt eller frivillig (Sander, 2015, s. 2). Deci & Ryan (2000b) fortel at når menneske opplev ei slik tilfredsstilling vil ein ikkje oppføre seg annleis, då er ein er motivert for å gjere noko som er interessant eller viktig. Ved å oppleve spontan glede er oppgåva eller aktiviteten hensiktsmessig utfordrande (Deci & Ryan, 2000b), dersom ein opplev ytre press vil ein ikkje klare å tenke, føle eller oppføre seg på ein hensiktsmessig måte, noko som førar til at ein mistar sin indre motivasjon.

Deci og Ryan (2000b) forklarar korleis motivasjon eigentleg fungerer med fokus på autonomi, "*What is motivation? It's the Energy for Action*". For at menneske skal få energi og motivasjon fortel Deci om "*Autonomous Motivation*". Dersom eit menneske klarar å fokusere på denne type motivasjon vil han ha mange gode, blant anna vil ein vere kreativ, ha ei effektiv og god problemløysing. Ein får positive kjensler om seg sjølv og kvardagen og til slutt meiner Deci at psykologisk og fysisk velvere vil auke og bli betre. Dette er kjerna for autonom motivasjon.

### 3.5.4 Behov for å føle seg kompetent


Behov for kompetanse høyrer tatt saman til behovet for autonomi, og begge to vil saman føre til indre motivasjon. (Broeck et al., 2010). For at ein person skal føle seg kompetent må han bli motivert av aktiviteten eller oppgåva. Ein må utforske miljøet og engasjere seg i utfordrande oppgåver for å teste og utvide sine ferdigheiter. Deci og Ryan (2000b) fortel at tidlegare forsking har vist at positiv tilbakemelding auka intern motivasjon samanlikna med ingen tilbakemelding, og at negativ tilbakemeldinga reduserte motivasjon. Dette betyr at positiv tilbakemelding er med på å styrke eins førestilling om eigen kompetanse som dermed gir motivasjon.

### 3.5.5 Behov for tilhøyring til andre

Dette behovet kan definerast som den enkeltes behov for føle seg knytt til andre, vere medlem av ei gruppe, føle seg elskar, ha omsorg og verte tatt vare på. Ein skal føle eit fellesskap og utvikle relasjonar med andre menneske. I sosiale settingar vil ein møte ulike krav og forventingar som eit menneske må lære seg å tilpasse (Broeck et al., 2010). Mennesket er eit sosialt vesen og har difor behov for å knyte sosiale band. Når ein opplev tilhøyring med nokon, har ein moglegheit til å utvikle seg og prestere betre fordi mennesket lærer av kvarandre i sosiale relasjonar (Deci & Ryan, 2000b).

## 3.6 Maslows behovspyramide

Abraham Maslow er kjent for Maslows behovspyramide som er ein teori om motivasjon for menneske. Modellen er ein femlagsmodell av menneskelege behov, ofte også forklart i hierarkiske nivå i ei pyramide (McLeod, 2007). Ein kan dele inn modellen inn i mangelbehov og vekstbehov.



Figur 2: Oversikt av Maslows behovspyramide presentert av McLeod (2007).

Mangelbehov er dei grunnleggande behova som alle menneske treng å få tilfredsstilt (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 75). Dei fire hovudgruppene som går under her er fysiologiske behov, behov for sikkerheit og tryggleik, behov for tilhørsle og kjærleik og behov for å bli verdsatt og å verdsette seg sjølv.

Vekstbehova handlar om behov for kunnskap, forståing, estetiske behov og behov for sjølvaktualisering. Sjølvaktualisering meiner Skaalvik og Skaalvik (1996) handlar om å utvikle sine moglegheiter. Sjølvaktualisering er det øvste behovet ein finn i pyramiden, difor blir dette sett på som sjølve behovsmålet. Halse (2008) skriv at sjølvaktualisering er eit behov for å uttrykke seg og vere skapande fordi menneske er nyfikne. Det handlar også om å utvikle sin personlegdom, kunnskap, problemløsing og utforsking. Alle behova i pyramiden følgjer eit menneskes utvikling. Ein startar med babyen som har behov for det grunnleggande, og etterkvart som mennesket veks til vil det fåre fleire behov og utviklingsområder (Halse, 2008, s. 278), mennesket treng kontinuerlig realisering av alle behov i pyramiden.

### **3.7 Yrkesval**

I følgje Opplæringslova § 3-1 har barn som har fullført grunnskuleopplæringa rett på ei treårig vidaregåande opplæring på heiltid (Opplæringslova, 2017, § 3-1). Ungdomen skal då ta eit steg vidare mot vaksenlivet. Kva kompetanse, kvalifikasjonar, utdanning og yrke vil ein skaffe seg? Kva er det som ligg til grunn for vala ein tek? Markussen et al., (2006) presenterer sju ulike avgrensingar innanfor valet om utdanning og yrke. Dette er avgrensingar innanfor økonomi, prestasjon, tilbod, kultur og sosialt, kunnskap, organisatoriske, og konkurranse (Markussen et al., 2006 s. 41). I mitt forskingsarbeidet er informantane sine yrkesval tatt med bakgrunn i prestasjonsmessige, tilbodsmessige, kulturelle og sosiale avgrensingar. Stamming er ein talevanske som grip inn i fleire livsområder. For å belyse korleis talevansen stamming kan påverke val av yrke, vil eg nytte omgrepene *handlingsrom* av Schiefloe (2011). Handlingsrom angir dei ulike sosiale verkeleghetene i kvardagen vår, og utgjer ei ramme for vår åtferd som vi held oss til. Generelt kan ein sei at eit handlingsrom er eit sett av føringar, moglegheiter og avgrensingar for åtferd, som informantane bevegar seg i (Schiefloe, 2011, s. 118). Desse handlingsromma vil forandre seg og vere ulike ut i frå kvar og kven ein er saman med. Når eit menneske har talevansen stamming vil dette vere med på å legge føring for handlingsrommet. Talevansen kan vere stor eller liten, og kor stor innflytelse den vil ha på valet av yrke vil variere frå menneske til menneske. Forhold som samfunnsmessige strukturar

og individuelle, kulturelle og relasjonelle forhold er med på å definere dei ulike handlingsromma som ein person finn seg i på ulike områder av eit sosialt liv. Kva er det som ligg i eit menneskes handlingsrom som gir grunnlag for yrket?



## 4 Metodisk framgangsmåte

### 4.1 Metode og vitskapsteoretisk forståing

I denne delen av oppgåva vil eg grunngi og vise til kva metode eg har valt til problemstillinga og forskinga mi. Først vil eg fortelje litt om kvalitativ vitskapsmetode og kvifor eg vel akkurat denne metoden. Vidare vil mi førforståing og dei ulike omsyna ein må ta for ein slik forskingsprosess bli presentert og til slutt vil eg presentere korleis materialet har vorte analysert.

Basert på kva teori og kunnskap eg sit med på førehand, vil livsverda til informantane bli behandla og tolka forskjellig. Kvalitativ forskingsmetode eignar seg godt når eg skal forske på personlege og sensitive tema, som stamming og yrkesliv. Sidan mitt tema kan vere sensitivt var det viktig for meg å skape tillit og eit godt forhold til informantane (Thagaard, 2013, s. 12). Val av problemstilling og metode legg føringar for at eg må møte informantane og skape ein positiv relasjon mellom oss i intervjuet, og for å få datamaterialet som eg treng og at eg best mogleg kan forstå informantane.

### 4.2 Val av metode

#### 4.2.1 Grunngi val av metode

Oppgåvas problemstilling er: *Korleis opplev tre vaksne menneske å leve med stamming?* For å få svar på problemstillinga har valet falt på kvalitativ forskingsmetode, dette inneber at eg som forskar skal prøve å forstå perspektivet til informantane. Eg valde kvalitativ forskingsmetode og fokus på intervju fordi eg ville rette mitt fokus og blikk mot det informantane fortalte om sin livsverden. Eg ville då ta til meg kvardagshandlingane til informantane, men i mitt blikk vil dette bli prega av dei teoretiske førforståingane eg har (Postholm, 2010, s. 17).

#### 4.2.2 Design

Å skape eit design for oppgåva handlar om å planlegge prosedyrar og teknikkar for heile forskingsprosessen. Som Kvale og Brinkmann (2015, s. 144) fortel handlar design om forskingas ”korleis”. I denne forskinga har eg valt å ha eit fenomenologisk tilnærming som går ut på å forstå sosiale fenomen ut frå perspektiva til informantane (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45).

#### **4.3 Fenomenologisk tilnærming**

Eg har vorte inspirert av ein fenomenologisk tilnærming og ynskja å ha dette i tankane i forskingsprosessen. I følgje Dalen (2013) er Edmund Husserl mannen som har utarbeida det fenomenologiske utgangspunktet, Husserl meinte at ein måtte kome fram til ei forståing ved å få ei skildring og ein analyse av den måten intervjupersonen opplev og konstruerer verda si på (Dalen, 2013, s. 18). Fenomenologi tar utgangspunkt i den subjektive opplevinga. Innan kvalitativ forsking er fenomenologien eit omgrep som peikar på ein interesse i å forstå sosiale fenomen på, sett frå informantens eige perspektiv. Intervjupersonen forklara og skildrar den verda slik han oppfattar den (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45). Dette er relevant for mi oppgåve sidan mine intervjupersonar fortel om sine opplevingar av livsverda. Når eg skal prøve å gjengi det intervjupersonen fortel, er det umogleg for meg å gi den eksakte, same skildringa. Difor er det viktig at eg jobbar for å få framstille skildringa så nøyaktig som mogleg. Ved bruk av kvalitativ forskingsmetode og den fenomenologiske oppfatninga får eg eit grunnlag av abstrakte, vitskaplege teoriar om den sosiale verden (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 47). For at eg som forskar skal forstå eit anna menneske, må eg søke etter å sjå det same som intervjupersonen fortel. Eg må difor setje meg godt inn i temaet, livssituasjonen til intervjupersonen og denne ”verda” som han eller ho lev i (Dalen, 2013, s. 18).

#### **4.4 Min førforståing**

Det blir ofte sagt at forskaren er det viktigaste forskingsinstrumentet i kvalitativ forsking (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 195). Difor vel eg å gjere greie for min førforståing som omfattar min subjektive erfaring og oppleving. Eg vil og kome inn på kva teoretisk syn eg har og kva utgangspunkt eg arbeider ut i frå (Postholm, 2010, s. 127). Mi ”bagasje”, eller mi førforståing, består av eit teoretisk rammeverk, erfaringar, personleg bakgrunn, verdiar, kunnskap, haldningar og eit politisk syn. Alt dette er med på å forme mitt prosjekt og meg som forskar (Tjora, 2012, s. 20). For at oppgåva skal vere truverdig og påliteleg er det viktig for meg å informere om mi førforståing slik at eg ikkje gir all farge til oppgåva, men heller er med på å male den. Mi førforståing vil utvikle og tolke datamaterielet. Difor vil eg ha den rette distansen mellom meg, temaet og informanten. Kor sterkt kan eg identifisere meg med informanten? Eg vil forsøke å oppretthalde ein profesjonell avstand, men samtidig vise empati, anerkjenning og respekt for det informanten fortel. Eg vil ikkje repetere det informanten fortel og gjengi dette, men ta det til meg og samanlikne det med den teoretiske kunnskapen eg har og analysere det deretter (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108).

Det er ein grunn for at eg har valt stamming som problemstilling og forskingsfeltet. Som treåring byrja eg å stamme i barnehagen. Sjølv om eg berre var tre år hugsar eg angst og ei uro som eg bar inni meg når eg ynskja å prate. Hjarte mitt banka fort og eg vart fort stressa. Stammeringa held fram på barneskulen og eg vart også mobba for det. Eg fekk aldri noko logopedhjelp. På vidaregåandeskule hadde eg vendt meg til stammeringa, men kombinasjonen av den og lese- og skrivevanskene reduserte sjølvkjensla mi. Difor tok eg aldri ordet i klassa eller var med på faglege diskusjonar. Det var ikkje før eg byrja på høgskulen og tok forskulelærarutdanning at stammeringa mi tok ein slutt. Kva som kan vere årsaken til at stammeringa mi tok slutt veit eg ikkje, men eg trur at eg vart sikrare på meg sjølv fagleg og lysta til å lære overgikk angst. Eg har akseptert at stammeringa er ein del av meg og at den ”kjem krypande” tilbake i stressande situasjonar.

Sjølv om eg har eit subjektivt forhold til stamming ynskjer eg ikkje at det skal vere med på å påverke forskinga. Tvert imot ser eg på dette som ein kvalitet som kan hjelpe meg til å betre forstå informantane, utan å identifisere meg med dei. Sjølv om eg har erfaring med stamming er mykje av det teoretiske grunnlaget om stamming nytt for meg. Eg tykkjer det er spanande og interessant å få moglegheit til å lære meir om samanhengen mellom stamming og mestring, motivasjon og yrkesval.

## 4.5 Forskingsprosessen

### 4.5.1 Planlegging

Intervju som forskingsmetode er ein god kvalitativ metode som eg vel for å få kunnskap om korleis informantane opplev og reflekterer over sin livssituasjon og kvar dag, og kva synspunkt og perspektiv dei har på tema som blir tatt opp under intervjuet (Thagaard, 2013, s. 12). Som Thagaard (2013) presiserer, er det eit overordna mål i kvalitative intervju å skape ein atmosfære som gjer at informantane ynskjer å opne seg for forskar. For at eg skulle gjere dette måtte eg ta regi over intervju-situasjonen. Mitt ynskje var at informantane skulle føle seg trygg slik at han ville dele si livsverd og sin kunnskap med meg. Eg måtte difor finne ein balanse mellom det å stille spørsmål og lytte til informantane. Nokre gongar ville eg bekrefte at eg var interessert, dette gjorde eg ved bruk av nikk, småord og andre tilbakemeldingar. På førehand hadde eg sendt eit informasjonsskriv (Vedlegg nr?) der eg kort og presist forklarte kva bakgrunnen og formålet med oppgåva var og kva deltakinga innebar. Eg var nøyne med å

få fram viktigheita av at oppgåva var anonym og at deltaking var frivillig. Til slutt la eg ved kontaktinformasjon til meg og min rettleiar dersom dei skulle ha nokon spørsmål, samt eit samtykke til informantane som eg ynskja å få ei underskrift på. Tre dagar før intervjuet skulle skje sendte eg eit kortfatta skriv om kva tema som ville bli spurt om, slik at informantane kunne førebu seg.

#### 4.5.2 Intervjuguiden

Eg ynskja å ha ein delvis strukturert tilnærming, der eg har laga sentrale spørsmål som vart kategorisert. Ein intervjuguide skal omfatte sentrale tema og kvart spørsmål skal belyse problemstillinga (Dalen, 2013, s. 26). Ved å nytte denne framgangsmåten står informantane fritt til å utforme eigne svar, samtidig som eg er sikker på at eg får den informasjonen eg treng for å svare på problemstillinga. Sjølv om dette ikkje er ein samanlikningsstudie, vil det vere interessant for meg å sjå om informantane har ulike svar. Undervegs i intervjuet var eg open for at informantane kunne kome inn på nye tema som utbetra mitt datamateriale (Thagaard, 2013, s. 98). For at resultatet skulle bli bra, var det viktig for meg å arbeide for ein god relasjon og skape ein god atmosfære. Intervjuguiden min var med på å styre dette ved å starte intervjuet roleg og ikkje for sensitivt, ved å få vite litt meir om personen og deira talevanske (Dalen, 2013, s. 26-27). Vidare ville eg vite litt om korleis det var å vokse opp med stamming og om nokon hadde fått profesjonell hjelp for stamminga. Når eg hadde fått tilstrekkeleg informasjon om dette gjekk eg vidare til å spørje om val av utdanning og korleis mestring og kommunikasjon påverka dette. Til slutt spurte eg om informanten hadde noko å føye til.

Sidan eg har fokus på vaksne menneske si livserfaring med stamming, vil eg kunne få datamaterialet som ein form for retrospektiv intervjuasjon (Kjeldstadli, 1999, s. 213). Dette vil sei at informantane mine vil kome med forteljingar, minner og tankar om ting som har hend i fortida. Difor er det viktig for meg å vere oppmerksam på at nokre av forteljingane eller minna kan vere upresise eller vase.

For å få eit godt utgangspunkt var eg godt førebudd. Eg kunne intervjuguiden min og var klar over kva type spørsmål og tema som skulle bli tatt opp. Dette var viktig fordi eg skulle vere førebudd dersom informanten gav meg ei forteljing eller eit svar på eit spørsmål som eg hadde planlagt seinare i intervjuet. Eg ynskja å vere profesjonell og ville difor ikkje bruke tid på å spørje eit spørsmål som allereie hadde blitt svart på.

For at eg skulle få informantane til å reflektere over tema og gi fyldige kommentarar var eg bevisst på å stille opne spørsmål. Dette gjorde eg ved å formule dei på denne måten: "Kan du fortelje litt om (...)" og "På kva måte (...)" . Her gir eg moglegheit til informanten å utdjupe seg. Dersom eg ynskte meir eller var usikker på noko spurte eg vidare: "Kan du fortelje meir om (...)" eller "Kva meiner du med (...)" . Dette var nokon av dei oppfølgingsspørsmåla som blei brukt under intervjeta og som var med på å gi meg rikare og fyldigare forklaringar (Thagaard, 2013, s. 101). På slutten av intervjustituasjonen la eg opp til at informanten sjølv kunne legge til noko som han tykkjer ville vere relevant for oppgåva.

#### **4.5.3 Prøveintervju**

Dalen (2013) seier at det er i kvalitativ forsking er viktig at ein held eit eller fleire prøveintervju. Dette er fordi ein treng å øve seg på å stille spørsmål og høyre korleis spørsmåla er (Dalen, 2013, s. 30). Eg gjennomførte eit prøveintervju med ein forskulelærar der eg fekk teste dette og også kjenne på korleis det kunne vere i ein intervjustituasjon. Eg fekk tilbakemeldingar både på spørsmåla mine og utforminga av intervjuet. Etter å ha gjort utbetringar i intervjuguiden vart den sendt til rettleiar for godkjenning. For at eg skulle få mest mogleg ut av dette prøveintervjuet var eg ærleg med meg sjølv og vurderte mi rolle i intervjustituasjonen. Når ein har eit slikt prøveintervju er det viktig å bruke lyd opptakar, blant anna for å gjere seg kjent med utstyret og sjekke at alt er i orden. Eg fekk også moglegheita til å lytte til meg sjølv i tillegg til å transkribere prøveintervjuet. Sidan eg hadde ein informant som hadde lite erfaring om temaet stamming vart ikkje intervjuet langt, men eg klarte å forstå når i intervjuet informanten har stor moglegheit til å fortelje mykje og når spørsmålet er lukka og fører til ja/nei svar. Sistnemnte var eg naturleg nok ikkje interessert i, så ved bruk av prøveintervju fekk eg utforma mange av spørsmåla på nytt.

#### **4.5.4 Utval**

Val av informantar er eit sentralt tema i kvalitativ forsking, og eit overordna mål er å innhente informasjon frå informantanes verkelegheit. For meg som har eit bestemt tema som stamming, var val av informantar viktig for å heve kvaliteten i forskinga og finne informantar som kan uttale seg reflektert over det aktuelle temaet (Dalen, 2013, s. 45). Her valde eg å ta eit strategisk utval, det vil sei at eg valde ut informantar som har dei eller den eigenskapen som eg var ute etter. I mitt tilfelle kontakta eg NIFS (Norsk interesseforening for stamming og løpsk tale) for å få hjelp til å kome i kontakt med aktuelle informantar. NIFS er ein

landsomfattande organisasjon for personar som stammar eller har løpsk tale, og personar som er interessert i dette. Formålet til NIFS er å utbetre situasjonen til personar med slike talevanskar (NIFS, 2017a). Interessa for prosjektet mitt var stor og mange meldte seg som informantar. Eg måtte ta eit nytt utval av desse. Dette gjorde eg ved å fokusere på dei som hadde viste ein større interesse enn andre med spanande og interessante historier som eg ynskja å høyre meir om. Eit spørsmål som eg måtte stille meg sjølv var: Er det strategiske utvalet eigna med tre informantar? Dette har blitt vurdert på grunnlag av storleiken, tida og ressursane til oppgåva. Eg sette ei nedre (25år) og øvre (45år) aldersgrense og til slutt valde eg tre informantar, som eg meiner er tilstrekkeleg med tanke på omfanget av oppgåva (Thagaard, 2013, s. 65). Ei retningslinje som har bidrige til å avgjere mengda på informantar er at utvalet ikkje må vere større enn at det er mogleg å gjennomføre omfattande analyser av intervjuia, då dette i seg sjølv er både tid- og ressurskrevjande (Thagaard, 2013 s. 65). Kvale og Brinkmann (2015) fortel om den ideelle intervupersonen, og at denne personen ikkje finst. Men ein kan ikkje la vere å tenkje på at enkelte intervupersonar er betre enn andre. I mitt tilfelle, som ikkje kjente til intervupersonane frå før, var dette ein sjanse eg måtte ta. Dersom det hadde vist seg at intervupersonen ikkje var samarbeidsvillig, motivert, godt reflektert, ærleg eller svarte konsist og presist på spørsmåla eg stilte, var det opp til meg som forskar å få fram dette og hjelpe intervupersonen på rett spor.

### **Presentasjon av informantane**

Informant nr. 1 arbeidar som regnskapsførar, han har stamma heile livet og gjer det framleis. Informant nr. 2 er medisin student, han har stamma sidan barneskulen og gjer det framleis. Informant nr. 3 arbeidar i barnehage, han stamma då han var yngre, men det i mindre grad i dag.

### **4.5.5 Gjennomføring**

Prosessen med å finne informantar har vore lang, og sidan eg berre hadde snakka med informantane over e-post var eg svært spent på første møtet. Ved kvart møte av informantane, byrja eg aldri rett på intervjet. Eg starta med å helse og presentere meg og fortelle om interessa mi og min personlege erfaring med stamming. Vi snakka litt om kvardagen og mi reise til intervjustaden på før sjølve intervjet starta. Denne vesle samtalet før intervjustart bidrog til ein god atmosfære, og eg følte òg det bidrog til å skape ein god relasjon mellom meg og informantane. Før og undervegs i intervjet jobba eg for å vise forståing, tillit og respekt. Informant 1 var verkeleg klar for å dele sine historier og løfte temaet opp og fram, og

møtte meg med stor entusiasme og engasjement. Eg opplevde difor dette første intervjuet med informant 1 som litt overveldande; eg vart lettare overraska, men samtidig svært glad for den responsen eg fekk. Dette førte til at eg måtte lausrive meg litt frå intervjuguiden. Då informanten var ferdig med å fortelje satt eg igjen med nok informasjon til kvart spørsmål utan å ha stilt alle sjølv. Informant 2 var likedan. Han var nyfiken og veldig interessert i meg og korleis eg hadde komen fram til dette temaet. Sidan eg sjølv stammar lite no trudde han at eg ikkje hadde denne vansken, men når eg fortalte om meg sjølv og fekk forklart interessa mi vart han rolegare og gav meg ei kjensle av forståing. Som nemnt stammar ikkje informant 3 lengre, men minna var framleis tilstade. Dette siste intervjuet skjedde nokre veker etter dei to første, eg hadde då fått transkribert og byrja analyseringsprosessen for dei to første intervjuer som kan ha fått verknad på datamaterialet.

Eg valde å bruke bandopptakar under intervjuet. Dette fordi eg ynskja å få med meg alt som vart sagt slik at eg der og då kunne fokusere på å ha ein god kommunikasjon med informanten. Sidan eg slapp å notere ned alt som blei sagt, hadde eg då moglegheita for å tenkje på eventuelle oppfølgingsspørsmål eller be om utdjuping (Tjora, 2012, s. 137). Lengda på intervjuet varierte frå 60-80 minutt. Sidan intervjuet involverte reising hadde eg ikkje moglegheit for å starte transkripsjonen etter gjennomført intervju, men eg noterte ned tankar og kjensler eg hadde etter at intervjuet var ferdig.

#### **4.6 Forskarrolla**

Formålet med kvalitativ forskingsintervju er å få djupe og omfattande skildringar om korleis andre menneske opplev si livsverd. Denne metoden gir difor utfordringar for forskarrolla og korleis eg som forskar skal arbeide for å få til ein best mogleg intervjustituasjon (Thagaard, 2013, s. 95). Eg som intervjuar er det viktigaste forskingsinstrumentet, og min integritet som kunnskap, erfaring og rettferd ein avgjerande faktor i forskinga (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). Difor må eg prøve å forstå informantens syn på temaet, utan at eg sjølv uvitande påverkar mitt eige syn. Som forskar må eg ha rikeleg med kunnskap om forskingsfeltet eller fenomena som er relevant. Før intervjuet sette eg meg inn i informantane sin situasjon, og prøvde å sjå intervjuet frå hans vinkel, med dette kunne eg prøve å finne ut om spørsmåla mine var relevante og moglege å svare på (Postholm, 2010, s. 82). Mitt mål for intervjustituasjonen var å skape eit rom der informantane kunne føle seg trygg for å kome fram med sine opplevingar og erfaringar.

Kvale og Brinkmann (2015, s. 195-196) presenterer ulike kvalifikasjonskriterier for intervjuaren. Dei er relevante og viktige å ta med seg vidare i forskingsprosessen. Intervjuaren må vere kunnskapsrik, strukturert, klar, vennleg, følsam, open, styrande, kritisk og tolkande. Blant desse ni kriteria ynskjer eg å løfte fram kunnskapsrik, vennleg og følsam. Ein dyktig intervjuar kan temaet sitt og har mykje kunnskap om det. Eg skal kunne føre ein samtale om temaet og få fram dei viktigaste aspekta. Temaet for forskinga kan vere sårt og tungt for nokre, difor var det viktig at eg var oppmerksam på at informanten fekk moglegheit til å snakke ut. Eg skulle vise at eg var avslappa og gi tid til informanten. Å vere følsam går ut på at eg viser respekt til det informantens delar med meg. Eg skulle vere anerkjennande i kommunikasjonen og lytte til det emosjonelle som intervjupersonen fortalte om. Eg skulle ikkje berre høre det som blir sagt, men også korleis det blei sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 196). Alt i alt er det dette forskarrolla handlar om for meg og under intervju var eg bevisst på dette.

Betydinga av å utarbeide tillit og ein personleg kontakt under intervjuet såg eg som verdifull, fordi informanten kan bli tryggare på meg og situasjonen. Han kunne opne seg opp meir og gi rikare skildringar av sine erfaringar og opplevingar. For meg handlar det om å vise anerkjenning gjennom måten eg spør og lyttar på. For at informanten verkeleg skulle tørre å ville fortelje, ville eg vise at eg har ein interesse. Eg kunne vise dette gjennom tidlegare erfaring og engasjement for temaet. I følgje Dalen (2013, s. 33) kan ein vise interesse gjennom blikk, ikkje-verbal kommunikasjon og verbal kommunikasjon. Under intervju var eg alltid bevist på at eg ikkje måtte bryte inn eller øydeleggje flyten, men eg nikka, smilte og bekrefta jamt. Når informanten viste at han var ferdig med å svare, kom eg gjerne med eit oppfølgingsspørsmål eller ein kommentar på det som blei fortalt. Ofte kjente eg meg godt igjen det som blei sagt, og dersom det passa seg fortalte eg eigne erfaringar. Undervegs i intervjuet blei informanten engasjert og nyfiken på mi interesse og livet med stamming, difor valte eg å fortelje kort om mitt liv med stamming. Dette tykkjer eg var riktig gjort av meg og eg oppfatta det som at vi fekk ein betre tone oss imellom, ei større forståing av korleis det er å leve med stamming og vi kunne kjenne oss igjen i kvarandre si oppleving.

#### **4.7 Etiske omsyn**

I denne delen vil eg diskutere og legge fram etikken som hører til ein kvalitativ forskingsprosess med fokus på intervju som forskingsmetode. Samfunnet stil krav til vitskapleg forsking. Personopplysningslova (2001, § 1-2) set føringar for at ein har meldeplikt for prosjekt som inneholder sensitive opplysningar. Når eg skulle forske på noko som involverte personlege opplysningar, måtte eg sende inn meldeskjema til Datafagleg sekretariat som er knytt til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) (Dalen, 2013, s. 100). I denne søknaden la eg ved ein førebels intervjuguide, informasjonsskriv om forskingsprosjektet, utkast av samtykkeskjema og konfidensialitetskriv og andre opplysningar som NSD ynskja.

For at eg skal vere klar over kva etisk ansvar eg har og har hatt gjennom heile forskingsprosjektet, ynskjer eg å følge dei etiske problemstillingane ved forsking presentert Kvale og Brinkmann (2015, s. 97). Desse sju problemstillingane er alle viktige og relevante for mitt prosjekt. Tematisering i ein forskingsprosess går ut på at ein både skal finne og bringe fram ny kunnskap, men også forbetre den menneskelege situasjon som utforskast. Planlegging i forskingsstudiet er svært viktig, dette går ut på at ein skal innhente blant anna informert samtykke, sikre konfidensialitet og vurdere moglege konsekvensar av oppgåva. Sjølve intervjustituasjonen bør ein planlegge på førehand, korleis kan ein jobbe og handle for å minske stress og auke komfort. I transkripsjonen må eg vurdere konfidensialiteten igjen, er det gjort bra nok eller er det ein moglegheit for at nokon kan finne ut kven informantane er? Alt arbeid som blir gjort i forskingsprosessen er gjort på ein sikker datamaskin med passordbeskyttelse.

I analysen oppstår dei etiske spørsmåla om kor djupt og kritisk eg kan analysere intervju, og kor mykje informantane skal vere med på å bestemme korleis uttalen deira skal tolkast? Dette er spørsmål som eg heile tida må vurdere og som eg har i tankane heilt frå starten. Verifisering går ut på at eg som forskar har eit ansvar med den kunnskapen som blir rapportert, at den er verifisert. Til slutt nemner Kvale og Brinkmann (2015, s. 97) rapportering, her må ein på nytt ta føre seg konfidensialitetsprinsippet og kva konsekvensar rapporten min har for eventuelle privatpersonar eller institusjonar/ grupper.

Vidare i oppgåva skal eg no kome inn på informert og fritt samtykke, konfidensialitet, konsekvensar og forskarrolla. Eg vil ta utgangspunkt i Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (2016), vidare nemnt som NESH.

#### **4.8 Krav om informert og fritt samtykke**

Eit informert samtykke betyr at informanten er informert og orientert om forskingsprosjektet. Samtykket er basert på informasjon om prosjektets formål, metode, risiko, mogleg ubezag og andre konsekvensar som kan vere relevant for informanten. Eg skreiv at samtykket var fritt, dette betyr at informanten var frivillig og kunne når som helst i løpet av forskingsprosessen trekke seg (NESH, 2016, s. 14). Då ville all informasjon om informanten og som informanten gav meg bli sletta og ikkje brukt i rapporten. At samtykket er uttrykkeleg betyr at informanten forstår kva det innebar å delta i forskingsprosjektet (Dalen, 2013, s. 100-101). All relevant informasjon som informanten trengde å vite om forskingsprosjektet vart gitt i eit informasjonsskriv (sjå vedlegg nr) som blei sendt via e-post. Det var viktig at eg gav denne informasjonen på ein nøytral måte, og at han eller ho ikkje opplevde noko press. Ved å sende informasjon som e-post, fekk informanten tid til å lese over og moglegheit til å gi tilbakemelding dersom noko var uklart. Grunnen til at eg sendte informasjonsskrivet var fordi at informanten har rett på vite kva som er forskingsprosjektets formål og dei ulike prosedyrane.

#### **4.9 Krav om konfidensialitet**

Konfidensialitet handlar om at innsamla informasjon om personlege forhold skal bli behandla konfidensielt og fortruleg. Alle personlege opplysingar skal vere uidentifisert og publisering av forskingsresultat skal vere anonymt (NESH, 2016, s. 16). For at eg skulle ta vare på konfidensialiteten i forskingsprosjektet ville ikkje noko informasjon bli lagra saman med personopplysningar. Eg ynskja å bruke informant 1, informant 2 og informant 3 i oppgåva mi. I transkripsjonen ville eg nytte desse kodene om informantane også. Dette fekk informantane informasjon om via informasjonsskrivet (Thagaard, 2013, s. 28). Eg gav klar beskjed om at all data og informasjon vil bli sletta når sensur for forskingsprosjektet er gitt.

#### **4.10 Konsekvensar**

Eg som forskar har eit ansvar for at informantane ikkje blir utsett for skade eller nokon alvorlege belastningar. Eg tenkte difor over kva type konsekvensar forskinga kunne ha for informantane og ynskja å gjere informantane oppmerksam på dette (Thagaard, 2013, s. 30).

Eg ynskja ikkje at informantane skulle føle noko press på å fortelje om ein sår periode eller noko som ikkje gav mestring, men eg ynskja at informantane skulle gi meg den kunnskapen og informasjonen som dei tykkjer var viktig for prosjektet. Dersom informantane gav meg informasjon som dei i ettertid ikkje ynskja at eg skal ta med i rapporten, ville eg ta omsyn til dette og trekkje det vekk frå oppgåva (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 107). Dette er eit uføreseieleg område som eg ikkje kan vite på førehand, men som eg er bevisst på i forskingsprosessen.

## 4.11 Analyse

### 4.11.1 Stegvis- deduktiv induktiv metode

I arbeidet om analyseringa har eg valt å støtte meg på ein stegvis- deduktiv induktiv modell, seinare omtalt som SDI (Tjora, 2012). I SDI- modellen beveger ein seg frå rådata til teori. Ein induktiv framgangsmåte handlar om at teoretiske perspektiv kan utviklast på grunnlag av empirien, ein kan supplere med datamaterialet frå anna forsking. Ein deduktiv tilnærming pregast av at dataanalysen tek utgangspunkt i dei teoretiske perspektiva (Thagaard, 2013, s. 197). Ein SDI-modell tek i bruk begge tilnærmingane. SDI-modellen har ulike etappar som gir eit godt utgangspunkt for systematikk og framdrift. Den SDI-modellen gir meg som forskar moglegheit til å ha kontroll over dei ulike fasane. Etter at mi datainnsamling med intervju og transkripsjon var overstått, var neste steg å kode og kategorisere rådata. Til slutt ville min empiri som eg hadde samla inn i intervjuet bli sett opp i mot relevant teori på ein induktiv måte (Tjora, 2012, s. 174). Eg har difor fått moglegheit til å finne teori som kan hjelpe meg å drøfte empirien og til å belyse min problemstilling. Sidan SDI-modellen ikkje er lineær, har eg difor kunne arbeida med ulike delar av modellen om kvarandre, sjølv om eg ikkje har vore ferdig med ein del har eg kunna byrja på ein anna.

### 4.11.2 Transkribering

Eg ynskjer å bruke lydopptak og deretter gjennomføre ei fullstendig transkribering av materialet i etterkant. Sidan teorien ikkje var på plass før eg føretok intervjuet tenkte eg at dette ville vere lurt av meg dersom eg ville kome over interessante funn. Som Kvale og Brinkmann (2015) fortel er eit intervju ein samtale som utviklar seg mellom to menneske, ansikt til ansikt. Men etter at materialet vert transkribert vert alt abstrahert og fiksert i skriftleg form (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 204). Det blir ei omsetjing frå talespråk til skriftspråk, noko som kan skje på ulike måtar. Det første eg bestemte meg for var at eg ynskja å transkribere på nynorsk. Dette ynskja eg på grunn av konfidensialitet, men også fordi eg skriv

rapporten på nynorsk og vil at alt skal framstå slik. Etter å ha gjennomført ei fullstendig transkribering, utan mine småord, brukte eg tid på å lese over transkripsjonane fleire gongar.

#### 4.11.3 Tekstnær koding

Som Nilssen (2012) fortel, er den største utfordringa med induktiv metode å redusere, forenkle og finne ei meining ut ifrå datamaterialet ein har. Koding er første steget for meg i denne kvalitative oppgåva og som også har vist seg å vere vanskeleg (Nilssen, 2012, s. 82). Eg har nytta meg av noko som blir kalla for tekstnær koding. Det er koding som går ut på å identifisere, klassifisere og setje namn på mønster eller viktige moment i transkripsjonen min. Eg valde difor å nytte omgrep som allereie fantes i transkripsjonen (Tjora, 2012, s. 179). I starten vart det mange koder som blei henta ut frå kvart enkelt avsnitt i heile transkripsjonen. På denne måten fekk eg sjå kva koder som var knyt til materialet og ikkje teoriar eller hypotesar. Prosessen med å setje koder starta med at eg fargekoda sitat som omhandla ulike tema. Sidan eg hadde bygd intervjuguiden min opp med ulike tema som stamming generelt, val av yrke, mestring og kommunikasjon, brukte eg desse som utgangspunkt i fargekoding. På denne måten fekk eg rakkoda materialet og sortert det.

I steg 2 (Vedlegg nr. 4) av kodeprosessen ynskja eg å sortere alle kodene under kvar informant for å sjå om det var gjentaking av koder hjå ulike informantar. På denne måten fekk eg veldig god oversikt over alle brukte koder og klarte utifrå dette å utforme tre hovudkategoriar som eg ville bruke til drøftinga. Gjennom analysearbeidet har eg kome fram til sju underkategoriar som vil bli drøfta under presentasjon av funn.

| Hovudkategori               | Tema   |
|-----------------------------|--|
| Erfaring frå eigen stamming | <ul style="list-style-type: none"><li>- Barndom</li><li>- Profesjonell hjelp</li></ul>   |
| Mestring                    | <ul style="list-style-type: none"><li>- Oppleving av mestring</li><li>- Mentalitet og sjølvkjensle</li><li>- Støtte for å mestre</li></ul> |
| Aksept                      | <ul style="list-style-type: none"><li>- Aksept av eigen stamming</li><li>- Val av yrke og kommunikasjon</li></ul>                          |

*Figur 3: Endelig oppsett av mine funn*

I ein kodeprosess kan ein ofte byrje å summere opp det som informantane alt har sagt, det var difor viktig for meg å ta eit nytt blikk over kodene og sjå om eg hadde klart å lage koder som eg kan bruke til ei vidare kategorisering (Dalen, 2013, s. 62). Som Tjoora (2012) presiserer, er det viktig at ein finn koder om *kva* informanten fortel, og ikkje berre *om* det informanten fortel. Dersom eg mestrer dette vil eg sitte igjen med nokre hovudtema som ville vere min grunnstamme i empirien og som eg kunne jobbe ut i frå (Tjoora, 2012, s. 186).

## 4.12 Kvalitet i kvalitativ forsking

Kvale og Brinkmann (2015, s. 193) fortel at kvaliteten på intervjuet er avgjerande for kva resultat ein får og kor gode desse vil bli. Intervjuet gav meg ei moglegheit til å få ei unik og sensitiv forståing av informantens livsverd. Kva type spørsmål eg brukte, om dei var opne eller lukka, leiande eller ikkje var med på å styre kvaliteten. Ved å fokusere på gyldigheit, pålitelegheit og nationalistisk generalisering kunne eg styrke kvaliteten i forskinga.

### 4.12.1 Gyldigkeit

Gyldigkeit handlar om ein faktisk får svar på dei spørsmåla ein forsøker å stille (Tjora, 2012, s. 206). Det handlar om uttalen er sann, riktig og kva styrke har den. Eg kan stille meg sjølv spørsmålet om eg målar det eg trur eg målar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Eg som forskar måtte vere kritisk til gjennom heile analyseprosessen for at gyldigheita skulle bli styrka (Thagaard, 2013, s. 205), dette gjer eg ved å hugse på at minne kan vere vase fra fortida og eit barn kan tolke situasjonen ulikt enn ein voksen. For at eg skulle sikre gyldigheitskvaliteten bestod intervjuguiden min av mange spørsmål om ”*kva*”, ”*kvifor*” og ”*korleis*”. Ved å stille mange spørsmål til eit tema kan det tenkast at gyldigheita har blitt styrka. Kvaliteten vart dessutan styrka ved bruk av prøveintervju i forkant av hovudintervjuia.

### 4.12.2 Pålitelegheit

For å styrke pålitelegheita i forskingsrapporten min har eg presentert korleis eg har arbeida med data og innhenta materialet. Eg har fortalt om kodeprosessen min og korleis eg har koment fram til kategoriari. Noko som er særskilt viktig er å hugse på at eg som forskar skapar ulike kontekst og atmosfære frå informant til informant. Det er ikkje mogleg å få same resultat ved gjentekne situasjonar. Eg måtte også vurdere relasjonen som blei skapt under intervjuet og om denne kan påverke informasjonen eg har fått (Thagaard, 2013, s. 202-203). Eg har vore heldig og hatt gode informantar som har hatt evna til å setje ord på eigne erfaringar. Engasjement mitt for temaet er ikkje å legge skjul på, men det var samtidig viktig

å prøve å halde seg nøytral og objektiv, slik at eg ikkje påverka resultata med mine eigne personlege erfaringar og meininger (Tjoora, 2012, s. 203). Eg ser på mine erfaringar som ein stor verdi for oppgåva mi, det at eg kan forstå informantane sine kjensler og opplevingar, i tillegg til at engasjementet for temaet vart større når eg fekk god respons frå informantane.

#### **4.12.3 Naturalistisk generalisering**

Naturalistisk generalisering handlar om at leser sjølv kan vurdere om funna eg presenterer vil ha gyldigheit for lesarens eigen forsking. (Tjora, 2012, s. 208) Kan leseren kjenne seg igjen i det eg skriv? Kanskje kan leseren kjenne seg igjen i nokre av funna eller delane av forskinga, men samla sett kan opplevinga vere annleis. Ved at eg legg fram tjukke beskrivingar frå forskinga kan leser kjenne seg att i funna gjennom eigne erfaringar kan han dermed være nyttig for meg som forskar (Postholm, 2010, s. 131).

## 5 Presentasjon av funn og drøfting

I denne delen vil eg presentere funn frå forskinga og deretter drøfte funna opp mot teorien som blei presentert tidlegare. For å gi svar på mi problemstilling: *Korleis opplever tre vaksne menneske å leve med stamming?* Og mine forskingsspørsmål:

- Korleis har stamminga verka inn på motivasjonen for yrkesvalet?
- På kva måte har stamminga hatt betydning for mestringsoppleveling i kvardagen?
- Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke?

### 5.1 Erfaring frå eigen stamming

I denne delen av intervjuet ynskja eg å fokusere på når informantane blei merksam på at dei hadde ei talevanske som stamming, korleis det var å stamme i barnehagen eller i skulen og korleis det var å vokse opp med stamming. Til slutt var det interessant å vite om nokre av dei hadde hatt noko profesjonell hjelp for å bli kvitt stamminga.

#### 5.1.1 Barndom

Mine funn viser at to av informantane har vag minner om når stamminga starta, mens ein informant hugsar når stamminga tok til. To av informantane gav uttrykk for å blitt mobba på bakgrunn av stamming på barne- og ungdomsskulen.

##### Informant 1

Informant 1 fortalte om si første oppleveling med stamming, han hadde blitt fortalt av familien at talevansen var til stade når han byrja å prate for første gong. Han hugsa at han stamma då han var fire år og nokon spurte kor gamal han var. Vidare fortel han om eit minne frå ungdomskulen:

På ungdomskulen blei eg særleg mobba. Han heite (...) og kalla meg for stammen. Og eg var jo tynn som ei flis. Men ein gong blei eg hissig, det skjedde noko ute på skulen, og det hadde skjedd i ei lang tid. Eg tok berre å klappa til han, med flat hand. (Informant 1)

Sitatet over viser til om ei handling som skjedde i ein mobbesituasjon, som hadde føregodt lenge. Både informant 1 og vedkomande blei tatt til rektor, der informant 1 blei hørt og sett av rektor. Rektor sa at mobbing aksepterte han ikkje og informant 1 blei ikkje mobba av vedkomande igjen.

## **Informant 2**

For informant 2 var minnet om den første stamminga sterkare, han byrja å stamme i 2.klasse på barneskulen. Han kan hugse å ha hatt flytande og normal tale i barnehagen, kvifor han byrja å stamme er han usikker på:

Det var veldig vanskeleg. Den verste perioden var på barneskulen og ungdomsskulen. For då blir ein liksom eit mobbeoffer om ein ikkje er veldig lik alle andre (...) kanskje ikkje folk var stygge mot meg direkte, men det var mange ting som blei gjort då som gjorde at sjølvkjensla mi var på botn. (Informant 2)

Sitatet over viser at hendingar som førte til mobbing gjor talevansken vanskelegare for han. Mobbinga blir og meir synleg når han kom på ungdomsskulen, men når han starta på vidaregåande blei miljøet endra og menneska rundt blei meir modne.

## **Informant 3**

Informant 3 hugsar svært lite om stamming i barndomen, men han minnast at han var veldig sjener. Han var ikkje den som sa ”hei” og tok initiativ for leik eller til å finne nye leikekameratar. Dei andre barna brukte å peike, flire og herme etter han, noko som gjorde at han vart veldig usikker på seg sjølv.

## **Drøfting**

Empirien viser at informant 1 og informant 3 har eit minne som er vagt om den første opplevinga med stamming. Begge informantane måtte gå lengre bak i tid enn kva informant 2. Eg får ei større og meir detaljert forklaring om informant 2 sine minne om barndomen og mobbing på skulen. Fortida kan ikkje rekonstruerast, som Knutsen (2002, s. 192) fortel. Eg må difor stille meg litt kritisk til kva informantane har fortalt om sin barndom. På den eine sida kan minnet vere sterkt og det informantane fortel meg kan vere sant, men på den andre sida var dei barn som gjerne oppfattar og forstår hendingar annleis enn kva vaksne gjer.

For informant 1 og 2 er mobbing noko som har prega livet deira lenge. Aldersspriket i forskinga er på 14 år, men mobbinga har vore eit problem for begge to. Kvifor er mobbing eit stort problem i dagens samfunn, både i barnehagen og på skulen, og kvifor får ein ikkje mobbing vekk? I ei Meld. St nr.20, *På rett vei*, viser det til ein elevundersøking frå 2010 til 2012 om mobbing på sjuande trinn til første vidaregåande. Tala visar ein svak nedgang i omfang av mobbing frå 2010 til 2012 (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 50- 51). Kva kan gjerast i barnehagen og skulen for at mobbinga skal avta? Arbeidet for å redusere digital

mobbing har ulike kampanjar for å auke barn og unge si bevisstheit og kunnskap om personvern på nett Skulen skal vere eit godt grunnlag for god helse. Ein helsefremjande skule arbeidar og bidreg til utvikling av elevens fysiske- og psykiske helse. Alle skular skal arbeide systematisk og kunnskapsbasert for å fremme god helse, trivsel og læring, dette inkludera førebygging av mobbing (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 78). Med å trekke ein tråd frå undersøkinga om mobbing frå 2010 til 2012, kan ein sjå at tiltaka som har blitt sett inn ikkje nødvendigvis har full effekt mot å redusere mobbing på skule. Eg personleg har minner om mobbing på skulen, og ingen tiltak blei satt i gong for å stoppe det. Kva skjer med dei elevane som ikkje får god psykisk helse når dei går på skule, og kven hjelper dei? Dette er eit tema som eg ynskja å drøfte vidare på under ”profesjonell hjelp”.

### **5.1.2 Profesjonell hjelp**

Mine funn viser at det er stor variasjon i kva grad informantane har blitt tilbedt profesjonell hjelp til stamming. To av informantane har ikkje fått tilbod i det heile, medan den siste har fått. Lova seier at ein har rett på hjelp med logoped, kven er det som avgjer og sett inn tiltak? (Folketrygdlova, § 5-10).

#### **Informant 1**

Informant 1 fekk aldri noko profesjonell hjelp som til dømes logoped, men han hadde brukt mange eigne teknikkar for å hindre stamming eller skjule den. Han hadde prøvd det meste, som til dømes å finne synonym, endre på ord og endingar. Når informant 1 stamma kom ofte tunga ut, og det å ha tunga ute medan ein prøvar å snakke var svært vanskeleg. Denne tida opplevde han som svært vanskeleg fordi han ikkje hadde kontroll når han snakka. Det var som ein mekanisme som kom og tok over. I nokre periodar fungerte synonym og endring av ord, noko informant 1 uttrykte slik:

Så blei det verre enn verst. Prøvde å snakke rolig, og det fungerte faktisk, men eg blei ein annan person so eg slutta. (Informant 1)

Sitatet over viser at ulike tiltak som blei gjort for å kome over stamminga gjorde at når han endra måte å snakke på følte han seg som ein annan person. Dette var feil for han og han orka ikkje å fortsette med dette.

#### **Informant 2**

Foreldra til informant 2 har alltid vore ei stor støtte når det gjeld stamminga. Funna mine viser at informant 2 fekk profesjonell hjelp frå logoped. Denne hjelpa fekk han i hovudsak frå

3.klasse til 5.klasse på barneskulen. Etter eit opphold på nokre år returnerte han til logopeden i 8.klasse, og gjekk dit sporadisk undervegs i vidaregåande skule og etter han vart student. Informant 2 fortel at han burde ha gått regelmessig til logoped når han var yngre, men at foreldra ikkje ynskja for hans eigen del at han skulle vere synleg fordi han hadde behov for ekstra hjelp. Informant 2 forstår tankegangen godt, men han tenkjer og at det hadde gått bra for han dersom han hadde gått regelmessig til logoped i barneskulen. Han uttrykker dette slik:

Eg merker at tankegangen sitt veldig djupt. For eg har prøvd å gå til logoped no i voksen alder, og eg merker at eg har kanskje ein negativ innstilling. Kanskje dei tankegangane frå barndomen ligg der veldig langt bak. Slik at eg føler eg ikkje får den direkte hjelpa eg treng der og då, gidd eg ikkje å gå dit. (Informant 2)

Sitatet over viser at han har tankar frå barndomen som plagar han litt enda: kva hadde skjedd om han hadde gått til logoped regelmessig heile livet? Vidare fortel han at talevansken er veldig opp og ned. Når informant 2 fortel at han ikkje får den hjelpa han treng meiner han at han ikkje blir utfordra på den rette måten. Han seier at det er veldig mykje pusteteknikk. Det å endre måten ein snakkar på krev mykje energi og krev mykje av ein som person fortel han. Han avsluttar med å fortelje at han av og til ikkje føler at han har behov for logopedhjelp fordi stamminga er eit mindre problem i enkelte periodar.

### **Informant 3**

Informant 3 fekk i likskap med informant 1, heller inga logoped hjelp, men fortel at ein medelev fekk logopedhjelp fordi han ikkje kunne uttale ”r”-lyden. Informant 3 uttrykker seg slik:

Kvífor fekk ikkje eg logopedhjelp når eg stamma i så stor grad som eg gjorde? (Informant 3)

Sitatet over viser at han følte seg urettferdig behandla og ikkje sett på den måten ein kunne ønskt.

### **Drøfting**

Empirien viser til at det er ein stor variasjon i den profesjonelle hjelpa dei tre informantane fekk for stamminga si. Blant mine tre informantar var det berre informant 2 som fekk profesjonell hjelp. I lova står det at ein har rett på logopedhjelp gjennom Folketrygdlova (§ 5-10). Men kven avgjer dette, og kven har ansvar for å setje i gong tiltak? Det skal vere lett for alle i kvar kommune å finne den hjelpa ein treng, men ofte kan ein oppleve dette som

vanskeleg. Opplæringslova § 5-1 skal sikre barns rett til spesialpedagogisk hjelp, eventuelt bistand frå logoped. Barn skal få sikre sine rettigheter gjennom lova, og det er kommunen og Fylkesmannen som skal sørge for dette blir følgt opp (Opplæringslova, 2017, § 5-1). Ved å sjå dette opp mot mine funn, kan vi anta at det er ein eller fleire som ikkje har gjort jobben sin ved å sette inn hjelp frå logoped for mine informantar. I ein artikkel av Bjørn Erik Sætem (2013), som er styreleiar i NIFS kjem det fram at logopedtilbodet i Noreg er dårleg for personar som stammar. Ein må ha ”flaks” med heimekommunen sin dersom ein skal få den logopedhjelpa ein treng. Retten til logopedtenesta er heimla i Opplæringslova, men tilbodet er ulikt frå kommune til kommune. Sætem (2013) fortel at problemet ikkje ligg i mengda med logopedar i landet, men at logopedane ikkje blir tilsett i kommunane for å arbeide med stamming. Tronge budsjett har og ført til logopedmangel i fleire kommunar. Han fortel at årsaksbildet er komplekst og samansett, enkle løysingar for stamming finst ikkje.

Norsk Helseinformatikk (2015) fortel at barn som stammar kan kome over stamminga dersom ein set inn tidleg hjelp. Kva type hjelp varierer i denne samanhengen, men hjelp frå logoped har vist seg å ofte vore det rette for barn som stammar. Stamming kan kome til uttrykk ulikt frå person til person. Blant anna kan det vere ein urytmisk talestraum, der bruk av pausar blir unormalt plassert. Ein kan også observere blunking med auge, rykking i kjeven, utfrivillige rørsler av hovudet eller andre kroppsdelar. Som informant 1 fortalte kom tunga ut når stamminga var på sitt verste. Kan det vere ein grunn til at ein ikkje legg merke til, eventuelt vel å oversjå barn som stammar? Kanskje samfunnet er prega av ein redsel av å ”merke” barn og unge som har ei funksjonsnedsetting? For informant 2 var det foreldra som tok tak i stamminga, men som også trakk hjelpa litt tilbake. Foreldra var redde for å gjere barnet sitt synleg blant alle ”normale” barn. Det kan vere vanskeleg å innsjå at ein har ei talevanske når ein ikkje ynskjer å sjå det. Som informant 3 uttrykte, var det ein annan elev i klassa som fekk logopedhjelp, kvifor fekk ikkje han som også hadde ein talevanske det same? I ei Meld. St. Nr. 21, *Lærelyst*, står det at tidlig innsats både i barnehagen og skulen inneber å setje inn tiltak der det er behov (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 41). Ein kan ikkje kome med noko endelig grunn kvifor informant 1 og informant 3 ikkje fekk noko logopedhjelp, men eg ynskjer å tru at logopedhjelpa og tilbodet i landet har vorte betre, med tanke på at informant 2 fekk tilbodet.

Både informant 1 og informant 2 fortalte at teknikkane dei brukar for å hindre stamminga krev mykje av ein som person. Begge gir uttrykk for at dei opplevde ei endring av personlegdomen sin på grunn av dette. Stamming er ein talevanske som går inn på alle situasjonar i kvardagen. Dersom alt arbeid for å hindre stamming gir ein kjensle av ny personlegdom vil dette også påverke kvardagen i stor grad. Begge informantane fortalte at dei ikkje ynskja å endra seg, dei ynskja ikkje å bli den dei vart med bruk av alle teknikkar og metodar difor slutta dei med det. Dette viser styrke og motivasjon: sjølv om ein har ein talevanske som er omfattande har den ikkje tatt over livet heilt. Den viktigaste vurderinga ein gjer om seg sjølv, er vurderinga ein gjer sjølv (Liverød, 2016, s 16-17). Ut i frå informant 1 og informant 2 oppfattar eg det slik at det ikkje er verdt å streve og arbeide med metodar og teknikkar, dersom det førar til endring av personlegdom. Eit menneske skal føle seg vel i sin eigen kropp og eige sinn. Eit samfunn som legg føringar for korleis ein skal leve det perfekte liv, hjelp ikkje ein som stammar. Korleis kan menneska i samfunnet vårt arbeide for å gjere stamming synleg? Korleis kan ein få fram at stamming er greitt, at det ikkje skal setje grenser for kvardagen til eit menneske? Eg ynskjer igjen å trekke fram kor viktig det er med tidleg hjelp og innsats. Med eit velfungerande hjelpeapparat med både logopedar, helsestasjonar, legar, barnehagelærarar og lærarar har, alle eit ansvar for å ta tak i talevanskars som kjem til syne hjå barn. Dersom ein kan oppdage det tidleg og setje inn tiltak eller legge til rette ulike kvardagslesituasjonar, er vi kanskje eit steg vidare i å synleggjere stamming og forbere livskvaliteten til personar som stammar. For at ein skal oppdage den tidlege stamminga er kunnskap om stamming vesentleg viktig for barnehagepersonalet, lærarar og helsepersonell.

## 5.2 Mestring

### 5.2.1 Oppleving av mestring

Eg vil vise at i empirien kjem det fram at alle informantane opplev mestring i sin kvardag, om det er i arbeid eller studie. Korleis informantane har arbeida seg fram til denne mestringsopplevinga er ulikt. Informant 3 opplev mestring i store delar av sin kvardag i barnehagen, men han fortel om usikkerheita i starten av yrkeslivet og kor redd han var for å skulle snakke høgt på eit møte. Informant 1 og 2 gir begge uttrykk for eit langvarig hardt arbeid for å nå dit dei er komme i dag. Noko som er felles for desse er at begge to har opplevd positive tilbakemeldingar som har gitt dei motivasjon for å arbeide vidare mot ein mestringsoppleving.

### **Informant 1**

Informant 1 har hatt store utfordringar i yrkeslivet, han fann aksepten av stamming og godtok det mentalt, dette gjor at han fekk ein ny kvardag, han opplevde mestring på nye nivå. Han fortel at i yrkeslivet ofte tek krevjande kundane, gjerne dei kundar som ikkje har vore nøgde med tidlegare regnskapsførarar. Han har blitt møtt med god tillit som igjen har gitt han mestringskjensle.

Vidare fortel han om når han leia både ei og to generalforsamlingar på jobben. Etter den første generalforsamlinga fekk han vite at han var ein dårlig møteleiar. Dette rista han av seg, og etter den andre generalforsamlinga fekk han høyre at han hadde kontroll, styrte riktig og hadde bra møteleiing. Informant 1 fikk bruke si kommunikasjonsferdigheit og alle var fornøygde. Under generalforsamlinga tok han ein kort pause, fordi talen og stamminga vart vanskeleg. I ettertid ringte sjefen og sa han var imponert av informant 1. Han fortel at han kjempa vidare og vågde å stå i det, trass av tilbakemeldingane han fekk frå første generalforsamling:

Men eg har jo klart det. Eg kunne ofte legge meg på kvelden og grine fordi det var synd på meg. Og frå å kome dit, eg møte folk i dag som kjenner meg frå eg var liten, dei kjenner meg ikkje att. Eg har komen langt i livet mitt, no er eg autorisert regnskapsfører og har fagleg ansvar. (Informant 1)

Informant 1 fortalte at alt går på mestringkjensla og sjølvkjensla hans. Han var i ein negativ spiral i livet, og klarte å kome seg ut av det, som han sei sjølv:

Eg er i eit utval som har vore med å avgjere endringar og rutinar og tar krevjande arbeidsoppgåver. Det er eigentlig til å klype seg i armen av. I staden for å bli bitter på det som har vore, tar eg det meg seg som lærdom i livet. (Informant 1)

Sitatet over viser at han har imponert seg sjølv og tek gjerne utfordringar i kvardagen, og tek med seg denne erfaringa og kunnskapen til nye situasjonar.

### **Informant 2**

For informant 2 har mestring vore relevant gjennom studie, både negativt og positivt. Eg ynskjer å presentere delar av ei forteljing som skjedde nokså nyleg før intervjuet då informant 2 var langt nede og stamminga var vanskeleg. Når stamminga er intens har informant det vanskeleg med å prate. Han hadde han meldt seg på eit frivillig kurs om korleis det var å

arbeide som lege. På kurset ville han møte nye menneske og måtte difor eksponere seg sjølv. Dette tykkjer informant 2 var vanskeleg, spesielt sidan han ikkje kjende nokon og dermed måtte ta kontakt med nye menneske. Han måtte difor omstille seg. Dagane før avreise var han veldig usikker på om han burde reise. På kurset arbeida dei i grupper med ulike oppgåver. I eine oppgåva opplevde informant 2 ei enorm mestringsskjensle. Resten av gruppemedlemmane roste og skraut av han, og denne mestringsskjensla gav han stadfesting på at han kunne mestre ein liknande situasjon i praksis. Då han kom heim og hald fram med å studere, kom stamminga tilbake på grunn av eksamensstress. Men sjølv om ting nokre gongar er vanskelege tenkjer informant 2 at ein må tørre og å ha tru på at ein skal klare det.

For informant 2 handlar mestring også mykje om det som skjer i studielivet. Han opplever mestring ved fleire ting: anten når han tørr å stille spørsmål i forelesinga, når han svarar pasientar som vert fornøgde eller når han kjem til ein ny plass der han raskt tilpassar seg miljøet.

### **Informant 3**

I kvardagen til informant 3, som er tilsett i barnehagen, opplev han mestring i mange situasjonar, både med barn, foreldre og kollega. Han føler ei mestringsskjensle når han klarar å hjelpe i ein vanskeleg situasjon med eit barn i ein garderobesituasjon og gjere det til noko bra. Han kjenner på mestring med alle gode småting som skjer mellom han og barna i kvardagen, i tillegg til når foreldra gir gode tilbakemeldingar og viser tillit til han. Informant 3 vil ikkje legge skjul på at han var usikker og nervøs i starten av barnehageyrket, då grudde han seg til personalmøter der han kanskje måtte halde ordet.

### **Drøfting**

Bandura (1977) sin teori om mestlingsforventing handlar om å kunne mestre ei bestemt oppgåve eller ein situasjon. Informant 1 hadde fått i oppgåve å leie to generalforsamlingar på jobb. Bandura (1994) fortel om fire hovudkjelder som kan føre til mestring, blant anna å mestre gjennom opplevingar og redusere stress. Dette gjorde informant 1, han fekk tips og råd og tok det med seg til den neste generalforsamlinga og endra dermed den negative kjensla han hadde. Når informant 1 gjorde dette klarte han å mestre situasjonen og oppgåva han vart satt i. Kva verdiar gir dette informant 1? Ei kjensle av å mestre gjennom ei tidlegare oppleving? Alt dette er med på å påverke hans kjensler, tankar og motivasjon. Det er med på å løfte informant 1 si tru på seg sjølv, og dermed kan han ta nytte av erfaringane og bruke dei i ein

seinare situasjon. På den andre sida er det nødvendig å vere førebudd på at ein vil møte noko motgang, difor er det viktig at menneske lærar seg strategiar som fungerer for å mestre ulike situasjonar (Bandura, 1994). Dersom ein lukkast i situasjonen får ein ikkje berre ein god mestringskjensle, men ein kan og redusere stress og angst som ligg føre for liknande situasjonar som ein kan møte i framtida.

Både informant 1 og informant 2 opplevde å få ros, skryt, tillit og gode tilbakemeldingar frå kollega. Kor stor er verdien i positive tilbakemeldingar? Kan slike tilbakemeldingar skape ein motivasjon for mennesket som stammar? Teorien om kognitiv vurdering (Deci & Ryan, 2000a) handlar om effekten av sosiale kontekstar ved den indre motivasjon og korleis dette påverkar kvarandre. På den eine sida kan motivasjon gi mennesket moglegheit til å oppleve ei heva kompetanse og dermed ny kunnskap. På den andre sida kan motivasjon gi energi og uthald (Deci & Ryan, 2000b). Begge desse kan sjølv sagt skje samtidig, og ein person som opplever dette kan mestre nye nivå med nye ferdigheiter og dermed ta i bruk sine talent. Vegen hit vil også vere prega av gode tilbakemeldingar og støtte i ein sosial kontekst. Dersom ein står fast med noko og ikkje veit korleis ein kan kome framover, kan positive tilbakemeldingar gi motivasjon til å kome nærmare målet. Verdien i positive tilbakemeldingar er difor stor, dette gav informant 2 uttrykk for. På grunn av at han fekk ein positiv mestringskjensle i kurset, vart han og sikrare på seg sjølv og trygg på å kunne handle riktig dersom han ville møte ein liknande situasjon. Dette kan eg knyte opp mot behov for autonomi og behov for kompetanse som Deci og Ryan (2000b) meiner eit menneske må ha for å blomstre. Ved mangel på dei grunnleggande psykologiske behova kan eit menneske få mindre motivasjon, glede og innsats til å gjennomføre ei gitt oppgåve. Eit menneske må føle ei indre vilje og oppleve at ein har fridom til å utføre ein aktivitet. Med ei slik kjensle er sjansen større for å gjennomføre aktiviteten og kome mestrande ut av det, men for at denne mestringa skal bli verkeleg er det viktig at personen er kompetent og motivert for aktiviteten.

### **5.2.2 Mentalitet og sjølvkjensle**

I oppgåvas funn kjem det fram at alle informantar har hatt store kvardagslege utfordringar mentalt knytt til stamminga si. Frykt, angst, redsle, depresjon, negative tankar og usikkerheit er noko av det informantane gav uttrykk for i denne samanhengen.

### **Informant 1**

Opplevinga av å kunne hjelpe ein kunde i periodar når informant 1 har vore lågt nede mentalt sett, har gjort at han har klart å kome seg ovanpå. Han fortel at han klarar å bruke kommunikasjon som eit verktøy i staden for ei belastning. For informant 1 har opplevinga av å ha ”vunne” over stamminga vore ein stor seier. Han fortel at det går mykje på det mentale og at han må arbeide med det kvar dag. Sjølvkjensla har til tider vore lågt nede, og han har gode og dårlige dagar slik som andre menneske. Dersom informant 1 ikkje hadde klart å godtatt sitt liv mentalt, hadde han aldri vore der han er i dag, han har funne ei openheit og aksept for stamminga. For han handlar det først og fremst om det mentale, å kome med ei erkjenning til seg sjølv meiner han er viktig.

### **Informant 2**

Informant 2 er medisinstudent og fortel med det same intervjuet starta at han måtte ta ein runde med seg sjølv om stamminga ville påverka valet av yrket. Den mentale biten og kommunikasjonsvanskene har spelt inn. Sjølv om han er flink på skulen har han tenkt at stamminga vil påverke det å vere lege. Trass i at han klarar det teoretiske vil ein på eit tidspunkt kome i ein situasjon der stamminga vil vere eit hinder. Som lege må ein prate mykje, både i telefonen og direkte med pasientar:

Eg har tenkt mykje på om eg er mentalt sterkt nok til utdanninga og yrket. For som lege skal eg framstå som ein autoritetsfigur som pasientar kan stille spørsmål til og føle seg trygg på.  
(Informant 2)

Sitatet over viser at presset til tider er stort. Når stamminga aukar vil den mentale utfordringa ta over. Han følar seg ikkje sjølvsikker nok på grunn av stamminga, men seier at støtta frå foreldra har vore god hjelp i situasjonar der stamminga er på sitt verste.

### **Informant 3**

Minnet om at andre rundt han fullførte setningar for han fordi han prata sakte sitt fortsatt inne hjå informant 3. ”Kva følar ein då”, lurar han på. Informant 3 svarte sjølv:

Eg følte eit nederlag, og dette nederlaget gjekk mentalt inn på meg. (Informant 3)

Sitatet over viser at kva tankar har ein om seg sjølv blir fort forma av dei rundt deg. Informant 3 tenkte at dei rundt han ville at han skulle bli ferdig å prate fordi det var utfordrande og kjedeleg å høyre på han.

### Drøfting

Liverød (2016) fortel om to komponentar som handlar om sjølvkjensle, det å føle seg kompetent og verdifull. Empirien viser at informant 1 har arbeida hardt med seg sjølv for å vere der han er i dag. Sjølvkjensla varierer frå dag til dag og frå situasjon til situasjon (Skaalvik & Skaalvik, 1996). Noko som er sikkert er at informant 1 har godtatt stamminga mentalt, som er ein seier i seg sjølv. Kva som skal til for å godta stamminga mentalt er vanskeleg å svare på. Noko som er vesentleg i denne samanhengen er å ha ei god sjølvkjensle, som Branden (2013) meiner. Har ein god sjølvkjensle kan ein betre takle utfordringar og hinder ein møter på vegen. Korleis kan ein arbeide for å få ei god sjølvkjensle? Branden (2013) fortel at ein må arbeide med å ha tillit til seg sjølv, medan Liverød (2016) fortel om mental trening, som handlar om å engasjere seg i mentale prosessar som inngår i personens opplevelingar. Både Branden (2013) og Liverød (2016) er ute etter det same, på den eine sida skal ein få meir ut av livet med mindre stress, og på den andre sida skal ein føle seg kompetent og verdifull. Empirien viser at informant 1 har arbeida for å få den kompetanse han treng i sitt yrke og han gjer ein god jobb. Han føler seg difor kompetent fordi kundar ynskjer å prate med han. Kompetanse som er ein del av vegen for å få ei god sjølvkjensle, kan i følgje Liverød (2016) bidra til at informantane kan føle seg verdifulle, at dei gjer ein god jobb og at der er menneske som set pris på dei.

Mental trening kan stille opp mot funnet frå Informant 2. Han har eit ynskje om å bli lege, difor starta han på medisinstudiet. Tankane han har gjort seg om å vere kompetent nok som lege har prega han. Det er mykje som handlar om det mentale, om han er sterkt nok og om han klarar å framstå som ein autoritetsfigur. For å skape ei god sjølvkjensle er det viktig at han får kompetansen han treng, både innanfor legeyrket, men også spesielt mentalt. Dette kan også knytast opp mot mestringsforventing som Skaalvik og Skaalvik (1996) har presentert av Bandura (1977). Dei forventingane som informant 2 har gjort seg til studiet og presentasjonen han skal klare i studiet er viktige for motivasjonen hans, noko som vil påverke hans mentale tankar om sin stamming.

Informant 3 gir uttrykk for eit nederlag når andre rundt fullførte setningar for han. Sidan han berre var eit barn når hendinga skjedde, må eg vere bevist på at minna kan endre seg gjennom tid (Kjeldstadli, 199, s. 213). Er dette ein oppleving fleire menneske som stammar opplev? Kvifor er dette ein sår oppleving? I følgje Lind og Sønsterud (2011) er eit råd som ofte vert gitt til foreldre, lærarar, venar og andre som skal snakke med ein som stammar er å unngå å avslutte ord og setningar for vedkommande. Dette er eit godt råd som mange som stammar er einige i, men som det ikkje alltid er like lett for personen som skal høyre på å halde. Dei minna informant 3 om har avbrytingar og fullføringar av setningar, var det meint som noko negativt? Eller kan det vere at det var godt meint når barna rundt ynskja å hjelpe informant 3 med å fullføre setningane sine? Dette er vanskeleg å svare på, men noko ein kan tenkje over. Barn lærar og utviklar seg ved å vere ein aktiv deltakar i språkleg kommunikasjon med andre barn og vaksne (Lind & Sønsterud, 2011). Dersom ein er i ein språkleg kommunikasjonskontekst med ein som stammar, kan det vere viktig å tenkje over kva personen som stammar kan oppleve dersom ein avbryt. Ofte er det like greitt å ha same type turtaking og samtalekonstruktør med ein som stammar som ein har med andre menneske.

Dei tankane som mennesket gjer om seg sjølv, blir forma av kva andre tenkjer om ein som person. Empirien i denne oppgåva vel eg å sjå opp mot Maslows behovspyramide og kjensla av å føle tilhøyring med nokon. Empirien kan også koplast til Deci og Ryan (2000b) sin teori om indre motivasjon. Ved å oppleve ei tilhøyring og bli verdsatt for den ein er, kan ein klare å danne relasjonar med andre menneske og utvikle seg. Deci og Ryan (2000b) fortel at behovet for tilhøyring heng saman med prestasjon og utvikling. Når informantane mine opplever tilhøyring har dei difor moglegheit til å få riktig støtte slik at dei kan utvikle seg, lære og prestere betre. Ein lærar godt i sosiale lag, samt at ein får dekkja dei grunnleggjande psykologiske behov, dette gir auka motivasjon for å mestre sin livssituasjon.

### **5.2.3 Støtte for å mestre**

Datamaterialet viser at alle informantane hadde ein eller fleire signifikante personar som hadde ei stor betyding for dei. Både venar og kjenningar, lærarar og foreldre har støttet informantane i vegen til å mestre livet med stamming.

## **Informant 1**

Informant 1 strevde lenge med å kome inn på arbeidsmarknaden. Han fortel at han var langt nede. Når livet var tungt og vanskeleg møtte han ei jente. Ei jente som var fascinert av at han stamma, det var sjarmerande og ho såg ingen hindring med vanskane han hadde.

Eg var ikkje så gale likevel, det kunne fungere liksom. (Informant 1)

Sitatet over viser at denne jenta fekk han til å føle seg litt betre, og med dette turte han å søke i eit vikariatbyrå som gjorde at han fekk seg arbeid.

Seinare i intervjuet byrja informant 1 å fortelje om ein lærar han hadde på grunnskulen. Han fortel at læraren hadde gode eigenskapar til å takla at han stamma, å bygge han opp på det han var god på. Læraren var også flink til å motivere informant 1 til å finne det som kunne hjelpe han vidare, for å få stamminga vekk på skulen.

Eg opplevde det litt tilfeldig, at eg fekk ein lærar som hadde rett personlegdom og eigenskap, sånn skal det ikkje vere. Eg har vore heldig, eg har hatt ein lærar som har sett meg. (Informant 1)

Sitatet over viser at læraren har hatt ei viktig rolle for informant 1, og han håpar at lærarar som utdannar seg no får informasjon og kunnskap om stamming slik at elevar får den hjelpa dei treng.

## **Informant 2**

Informant 2 fortel at han har fått mykje støtte frå sine foreldre. Dei har vore grunnsteinen i livet hans og har ikkje latt stamminga vore ei funksjonsnedsetting. I tillegg har han hatt fleire venner som har støtta han, men ikkje på same måte som foreldra. Informant 2 fortel at han av og til følar at sjølv om alle rundt han vil han vel, forstår dei ikkje sidan dei sjølve ikkje stammar:

Sjølv om eg har venner og familie som støttar meg, er eg langt nede når eg stammar, det verkar som at ingen forstår kva eg går igjennom. (Informant 2)

Vidare fortel Informant 2 at det har mykje å sei kven han har møtt i studiet av studentar, lærarar, professorar og legar. Alle desse har turt å ta tak i at eg stamma.

Alle desse har turt å ta tak i stamminga mi. Dei har utfordra meg, og det har gjort at eg har blitt sterkare. Så når eg møter pasientar som kan tenke at vi er på same nivå, fordi eg stammar, prøvar eg å ikkje tenke negativt på det. (Informant 2)

Sitatet over viser at han har hatt nytte av å møte menneske i livet som har turt å dytta litt og pressa han til å gjere det enda betre. Eit eksempel på dette var at informant 2 skulle gjennomføre eit rollespel framfor kullet og læraren sin, saman med 5-6 andre studentar. I det augneblikket då det var for informant 2 sin tur å fortel han:

Når du veit at du er nestemann byrja hjertet å slå fortare og fortare. Det kjem ein klump i magen og i brystet, så får ein ikkje puste. Dette skjedde med meg rett før det var min tur. (Informant 2)

Sitatet over viser at han ikkje hadde noko god mestringkjensle i denne situasjonen. Når informant 2 skulle byrja å prate, stamma han på første ordet, og der blei han ståande og stamme. Dette var heilt katastrofalt for informant 2. Det som skjedde for informant 2 var at læraren var tøff nok til å det opp framfor gruppa. Når læraren fortalte gruppa kva som hadde skjedd byrja informant 2 å grine.

Det var veldig vanskeleg der og da, kjempetøft. Men samtidig greitt å få grine også, eg blei på ein måte ferdig med det. (Informant 2)

Sitatet over viser at dette var ein situasjon som informant 2 ikkje opplevde noko mestring i, men han fortel at det gjorde godt at studentar og læraren var til stade å støtte han.

### **Informant 3**

For informant 3 var det faren som var ei stor støtte. Han stamma sjølv og informant 3 følte at faren kunne forstå han. Han ynskja ikkje å delta på sosiale hendingar, og valde teoretiske fag framfor praktiske fag på skulen. På skulen opplevde informant 3 å ha ein lærar som løfta han veldig opp. Læraren var veldig flink til å rose og finne dei gode eigenskapane til informant 3 som han kunne bruke. Eit minne som informant 3 fortel om er:

Eg kan hugse at ho tok seg tid til å lytte, lytte til det eg hadde å fortelje. Dei andre barna og nokre lærarar skunda seg og ta orda frå meg slik dei skulle kome vidare i samtalen. (Informant 3)

Sitatet over viser at informant 3 trur at læraren har vore med på å hjelpe han i å slutte å stamme. Ved å ha ein lærar som gav han tid og bygde han opp på det han var god på har læraren vore med på å gjort informant 3 sterkare.

### Drøfting

Empirien viser at alle informantane har hatt stor nytte av å ha ein eller annan som har stått dei nær, og som har støtta dei i vegen mot val av yrke. Det å oppleve tilhøyring og kjærleik, samt å verdsetje seg sjølv er noko som er sentralt under temaet ”støtte for å mestre”. Kvifor er dette så viktig for mine informantar? I Maslows behovspyramide blir behovet for vennskap, intimitet, tillit, aksept, kjærleik og det å vere ein del av ei gruppe eller eit fellesskap presentert (McLeod, 2007). Alt dette påverkar utviklinga til eit menneske. Dersom eit menneske ikkje klarar å utvikle seg fordi eit eller fleire av behova ikkje er mogleg å tilfredsstille grunna stamming, kva skjer med menneskets oppleving av tilhøyring til ei gruppe eller oppleving av kjærleik? For at eit menneske skal kunne utvikle seg og få dekt Maslows ulike behov, er den sosiale biten svært viktig. Det er her mennesket opplev aksept, anerkjenning og får ein status. Mennesket får kontakt med andre, og vidare ei kjensle av eit sosialt samhald. Mykje av arbeidet med å mentalt akseptere stamminga ligg til grunn for at informant 1 har kome hit. Som Skaalvik og Skaalvik (1996) og Halse (2008) fortel om vekstbehova i Maslows behovspyramide, handlar det om at dette er behov som aldri vil bli ferdig utvikla. Mennesket har alltid har ei moglegheit til å kunne utvikle seg vidare i sin sjølvaktualisering. Det er på ein måte ”umetteleg” som Halse (2008, s. 279) fortel.

Sosialt støttande nettverk og sosial integrering kan gi auka kjensle av kontroll over livet sitt fortel Sønsterud (et al., 2017, s. 134). Dette kan også vere med på å påverke korleis ein fungera dagleg og gi ei positiv effekt for utvikling av psykiske tankar og kjensler. For mine informantar, har sosialt støttande nettverk vore viktig. For at eit menneske skal ha motivasjon, glede og energi i ein vanskeleg kvardag er støtta frå ei gruppe viktig å ha, som eg knyte opp mot teorien om kognitiv vurdering av Deci og Ryan (2000a). Positiv og informativ verbal tilbakemelding gir positiv effekt på indre motivasjon, som igjen fører til oppleving av kompetanse. Skaalvik og Skaalvik (1996, s. 77) fortel at dersom ein ikkje får oppleve ei tilhøyring kan ein ikkje fokusere på andre ting i livet sitt, som til dømes yrkeslivet. Menneske skapar håp, som for informant 1, der denne jenta som kom inn i livet og tykkjer at personar som stammar var fascinerande. Informant 1 fekk eit håp og positiv energi som gjorde at han

klarte å bytte namn og kome seg inn på arbeidsmarknaden. For informant 2 var foreldra si rolle viktig. Dei lot seg aldri påverke av funksjonsnedsetjinga, men dei såg barnet sitt slik dei ynskja og har støtta han på riktig måte. Informant 3 hadde mykje støtte i faren sin, men også læraren som gav han tid til å mestre.

### 5.3 Aksept

Mine funn viser at informant 1 har ei stor erfaring og ein lang prosess bak aksepteringa av at han stamma. Medan informant 2 uttrykker at han ikkje har akseptert at han stammar og er usikker på om han nokon gong vil gjere det. Informant 3 gav ingen uttrykk for aksept av eigen stamming.

#### 5.3.1 Aksept av eigen stamming

##### Informant 1

Informant 1 brenn for aksept og det mentale, samt det å mestre sin eigen kvardag. I dag klarar han å sjå tilbake på fortida og er bevisst på at det var ei tøff tid. Han har komen seg i gjennom motgangen han ein gong møtte kvar dag, og har klart å godta stamminga mentalt og akseptert at det er slik han er.

Informant 1 fortel om sin første dag på studiet økonomi og administrasjon. Alle førsteårsstudentar var samla i eit auditorium og studieleiaren ynskja å ha nokre evalueringsstudentar. Informant 1 blei peika ut, noko som han fortalte slik:

Du med brillene der, vil du vere det? Kva er namnet ditt? Å berre ”an- an- an”. Studieleiaren min sa, vi tek det etterpå. Eg kjente berre at no veit alle det. At eg stammar, at eg ikkje klare å sei namnet mitt ein gong. Kva betyr eg her? Eg kan ikkje sei namnet mitt ein gong (...) Dei berre håna meg. Du kan ikkje sei namnet ditt ein gong. Kva er poenget? (Informant 1)

Sitatet over viser at informant 1 følte ein stor angst. No hadde han fått nok, han ynskja ikkje at livet skulle vere slik. Der og då vakna han med ”ein krigar inni seg”. Dette augeblikket i livet vil han aldri gløyme. Han la ”linjalen” på livet og sa til seg sjølv at no må han akseptere den han er. Og frå dette augeblikket fortel informant 1 at det skjedde noko mentalt med han. Men sjølv om han hadde akseptert at han stamma var det likevel vondt, og ein vond sirkel forplanta seg. Det var mentalt tøft og sårt fortel han:

Eg bytta eg namn og det var fascinerande. Hallo, det er (...), eg kunne sei namnet mitt. Det var ei forløysing. Då kom verkeleg aksepten. (Informant 1)

Sitatet over viser at han tok eit opprør med sin eigen personlegdom. Dette var eit kjempe-løft for informant 1. Han prøvde å ta tak i dei mørke tankane og heller snu det til ein angrepssposisjon. Aksepten har hjelpt han med dette.

### **Informant 2**

Informant 2 har enda ikkje klart å akseptere stamminga. Han fortel at ein i ”god” periodar kan late som at ein har akseptert det, men når desse periodane går over så klarar ein det ikkje lengre. Det er veldig slitsamt fortel han, at dagane er ulike og at nokre av periodane er vanskelege. Han har innsett at han ikkje veit om han nokon gong vil kunne akseptere det:

Det der med at eg stammar, er eg ikkje mindre verdt av den grunn. Når eg har det slik blir stamminga mi enklare. (Informant 2)

Sitatet over viser at informant 2 har tru på seg sjølv, og ynskja å vise at han har ein verdi. Til slutt fortel han at sjølv om han har akseptert stamminga meir, vil han nok aldri slutta å stamme heilt, fordi han veit at stamminga aldri vil forsvinne.

### **Drøfting**

Funna viser at to informantar har ulike opplevingar og tankar om akseptering av stamming. Eg ynskjer å først å drøfte empirien frå informant 1, deretter informant 2. Til slutt vil eg stille spørsmål ved kvifor desse har så ulike haldningar til aksepteringa.

Skaalvik & Skaalvik (1996, s. 77) påpeikar behovet for anerkjenning og sjølvakseptering. Dette ser dei som ein tett samanheng mellom sjølvoppfatning og motivasjon. Eg ynskjer å knyte dette opp mot akseptering. Informant 1 fortel ei gripande historie om korleis han la ”linjalen” på livet og lot stamminga bli ein del av han, den endelege avgjerdsla for å akseptere seg sjølv. Maslows behovspyramide presenterer ulike behov, både mangelbehov og vekstbehov. Når ein person får dekt dei første mangelbehova, men slit med sjølvakseptering og anerkjenning, kan han då få eit liv fylt med motivasjon og mestring? I følgje Brumoen (2007) påverkar vår mestringstillit vår motivasjon for å starte ei endring, i tillegg til moglegheita for å gjennomføre denne endringa. Informant 1 ville endre livet sitt, han hadde fått nok. Når han endra namnet sitt opplevde han ein stor befriande kjensle, han trengde ikkje lenger å stamme og bruke fire minutt på å fortelje kva han heite. Noko lite vart endra i livet hans, men samtidig så stort, ei endring som skulle gjere mykje for han. Han klarte å

presentere seg sjølv, dermed klarte han å kome seg inn på arbeidsmarknaden. Å ha tru på seg sjølv, er grunnlaget for mange ting: For motivasjon, for å føle seg vel og lykkast, for å oppleve suksess og ta kontroll over sitt eige liv, og til slutt vere aktiv i eiga læring.

Empirien om informant 2 fortel at han kanskje aldri vil akseptere sin stamminga, samtidig som han gir uttrykk for at han ikkje er mindre verdt sjølv om han stammar. Sistnemnte vil eg sjølvsagt seie meg einig i. Sjølv om ein person stammar så kan han utvikle seg og få dekt sine behov (McLeod, 2007). Det er viktig for meg å få fram at eg ser ikkje på stamming som noko hindring, men eg ser på det som ei moglegheit for å vere bevisst på kven ein er og kva ein ynskjer i livet. Ein må arbeide hardt med sjølvaktualiseringa si, men dersom ein har nådd ein aksept og godtatt stamminga si mentalt er det ingenting som bør stå i vegen for ei vidare utvikling av seg sjølv.

Kva kan vere grunnen til at eg har to informantar som har ulik haldning til akseptering av stamming? Dette kan ein prøve å sjå frå ulike sider. På den eine sida kan ein sjå på personen sjølv og miljøet og korleis ein vel å forstå dette. På den andre sida kan ein tenkje på alder, yrke og livsstadiet. Informant 1 har komen ut i arbeidslivet og fått seg fast arbeid, kanskje han då er tryggare på seg sjølv og difor klart å kome med ei akseptering? Om ein ser dette opp mot informant 2 som framleis er student og ikkje har fast jobb, kan han kanskje verke meir usikker på framtida og om han nokon gong vil kunne fungere som ein god lege. På den andre sida har familien til informant 2 vore ei stor hjelp og støtta han på vegen i valet av yrke. Burde dette ha vore med på å gjort aksepteringa av stamminga lettare for informant 2?

Når ein klarar å akseptere at ein stammar, har ein komen langt mot ei vidare mental godkjenning av seg sjølv. Sjølv om informant 1 og informant 2 er på ulike stadiet på denne vegen, betyr ikkje det nødvendigvis at begge to ikkje er i ei god fase i livet som dei er nøgde med. Når ein person er på veg mot ein aksept, tør ein kanskje å ta av seg maska, slutte å streve med å finne synonym, skjule at eg stamma ved ansiktsuttrykk og unngå verbal kommunikasjon. Som Branden (1989) fortel handlar akseptering om å kunne godta noko, men ikkje nødvendigvis like det. Sjølv om ein ikkje likar stamminga kan ein altså klare å godta det. Ein kan difor ynskje ei forbetring eller forandring. Ved å akseptere at ”slik er eg”, kan ein slappe meir av og etterkvart vere seg sjølv i større grad og leve meir som ein ynskjer. Det er dette som er eit av måla med akseptering, ein treng nemleg ikkje like det, men ein må godta at

ein stammar for å kome dit. Ein må akseptere verkelegheita i følgje Branden (1989, s. 49). Dette heng også saman med den mentale godkjenninga.

### 5.3.2 Val av yrke og kommunikasjon

Empirien viser at dei tre informantane har ulike føresetnadar for val av yrket. Mine informantar gir uttrykk for å vere tilfreds med dagens utdanning og yrke. Trass i at ein stammar tidvis er problematisk, stoppar det dei ikkje i å gjennomføre sitt arbeid, og dei følar alle mestring i kvardagen.

#### Informant 1

Informant 1 ynskja ikkje å arbeide med noko praktiske fag som til dømes handverkt. Rekning og liknande teori var noko som kunne vere relevant for han. Difor tok han handel og kontor på vidaregåande skule og økonomi og administrasjon på høgskulen. Informant 1 hadde blitt fortalt at dersom ein arbeida som regnskapsførar ville ein i større eller mindre grad få moglegheit til å sitte på eit kontor og ha lite verbal kommunikasjon. Etter studiet møtte han derimot store utfordringar med å kome seg ut på arbeidsmarknaden. Han fortel:

Når eg skulle ut i jobbmarknaden klarte eg ikkje å seie namnet mitt. Det var rett og slett ein vond sirkel, hjulespora var djupe slik at eg nesten kapitulerte, eg orka ikkje meir.  
(Informant 1)

Sitatet over viser ein lang kamp med å få jobb. Men til slutt fekk han moglegheita til å få jobbe i eit vikarbyrå, som etterkvart leia til fast jobb.

Når eg spurte informant 1 om kva han likar best med yrket sitt, svarte han at det er det å kommunisere med kundane. Når det er nokon som kjem til han med eit problem, vert han glad fordi han veit dei vil prate og han høyrar på dei. Han brukar dermed kommunikasjon som eit verktøy på jobb, noko som skil seg ut frå korleis han hadde det tidlegare:

Kommunikasjon var mi verste side. Den største bremsa har blitt min venn. Eg har empati og ei evne til å setje meg inn i andre sin situasjon, å få bruke kommunikasjon som ein ressurs er godt (...) Eg har funne ein indre styrke, men stamminga var ein stor bøy for meg. Eg tenkte difor at dersom eg ein gong i livet kunne klare å kome meg gjennom det, ynskja eg å gi noko tilbake. (Informant)

Sitatet viser at forholdet til kommunikasjon har endra seg for informant 1. Blant anna kan dette ha gitt effekt på mestringskjensla, motivasjon og aksepteringa av stamminga.

## **Informant 2**

Dei vurderingane som låg til grunn for valet av yrke for informant 2 var at han ynskja å hjelpe folk. Samtidig ville han ha eit variert og meiningsfullt yrke. For han er kommunikasjon eit problem som varierer mykje i samband med dagsforma. Enkelte dagar går det bra og han legg nesten ikkje merke til stamminga. På tyngre dagar kan alt vere eit problem, berre det å spørje om ein pose på butikken kan vere vanskeleg nok. Informant 2 fortel at han er klar over at kommunikasjonen vil bli eit problem nokre gongar i yrkeslivet, og at han må ta ein dagleg kamp med seg sjølv og stamminga. Utdanninga og yrket er i seg sjølv utfordrande, han er klar over at stamminga vil kome i tillegg til dette. Han seier dette om framtida:

Eg trur det viktigaste er at eg klarar å spørke litt om stamminga, vere litt avslappa. For eg merkar at viss eg ikkje fortel at eg stammar blir folk litt usikre. Det blir veldig vanskeleg for andre rundt meg. Men når eg fortel at eg stammar og at enkelte gongar kan setningane ta litt lengre tid å fullføre blir folk rolegare og klare å slappe meir av. (Informant 2)

Sitatet over fortel at han har ein avslappande haldning til stamming i nokre situasjonar, samtidig som han ikkje har fullstendig akseptert stamminga. Han fortel også at dei menneska han møter reagerer nokså ulikt på stamminga hans.

## **Informant 3**

Informant 3 har tatt helse-og sosialfag, har fagbrev og er utdanna barne-og ungdomsarbeidar. Når eg spør om stamming har hatt noko påverknad på val av yrket svarar han:

Det har eg tenkt litt på, min første tanke er ”nei”. Men eg byrja å tenke tilbake at kanskje, på ein merkeleg måte har det gjort at eg ikkje gjor meir ut av utdanninga. Ditte her med usikkerheita. (Informant 3)

Sitatet over viser at yrkesvalet kan ha vore delvis umedviten. Han fortel vidare at han hugsa kor livredd han var når han byrja å jobbe i barnehage. Kjensla kring det å måtte snakke eller ha eit innlegg på eit personalmøte var skummelt:

Eg vart heilt sveitt og hadde hjertebank fordi eg var redd for å stamme, når det vart min tur å prate. (Informant 3)

Sitatet over viser at informant 3 vart stressa i situasjonar der han måtte ta ordet. No derimot gjer det ingenting for informant 3 å prate i ei forsamlings, eller å kome med innspel. I dag har han eit yrke som dagleg utfordrar han i kommunikasjonsmessig, noko han av og til kan

kjenne litt på. Dersom han blir stressa kan han merke at stamminga byggjer seg opp. Difor er det viktig for han å halde seg roleg og puste godt slik at orda får plass. Som barnehagearbeidar er det viktig for informant 3 å framstå som ein god språkmodell, noko som gjer at han prøvar å ordlegge seg rett og bruke tid på å fortelje til barna.

### **Drøfting**

Kva er det som ligg til grunn for det yrkesvalet informantane har gjort? Markussen (et al., 2006 s. 41) fortel om ulike innsnevringar innanfor val av yrket. Dette er blant anna prestasjon, kunnskap og det sosiale. Empirien min viser at alle mine informantar har valt yrket sitt på grunnlag av interesse, dette speglar dei nemnte innsnevringane. Informant 1 har hatt ein lang veg for å få seg jobb og har blitt hindra av kommunikasjonsvanskars. No opplev han at kundar ynskjer han som regnskapsførar. Det kjem fram at han er glad i å formidle eit bodskap som vidare kan gjere det enkelt for kundane. Korleis kan eit menneske som har store talevanskars som stamming ha eit yrke som regnskapsførar? På den einse sida har det handla om at informant 1 har gjort kommunikasjon til sin beste venn og ein god ressurs. Han har evne til å setje seg inn i andre menneskes opplevelingar og kjensler, og med dette klarar han å vise empati for den som treng det. Han tenkte tidlegare i livet at han ynskja å gi noko tilbake til dei som treng det og yrket hans er denne hjelpa. I motsetning til kva Crichton- Smith (2002) kom fram i sin studie der det kommunikative aspektet var vanskelegast i yrkeslivet. På den andre sida har informant 1 også tileigna seg stor bagasje med kompetanse og kunnskap innan regnskapsføraryrket. Denne kompetansen som han brukar i yrkeslivet gir informant 1 ein indre motivasjon og mestringeskjensle (Broeck, et al., 2010).

Informant 2 valde yrket sitt fordi han óg ynskja å hjelpe nokon. Legestudiet er eit stort og omfattande studie som krev mykje av ein som person, og han var usikker på om han ville klare det. Kva som må ligge til grunn for at ein person skal klare å gjennomføre noko med talevansen stamming? Dette kan vere mykje forskjellig, men eg vel å fokusere på motivasjon. Motivasjonen for å mestre studiet ligg som ein sjølvfølgje for informant 2, dersom han skulle klare å gjennomføre det. Ein indre motivasjon som Deci og Ryan (2000b) fortel om, den som er eit resultat av tre grunnleggande psykologiske behov. Informant 2 har hatt eit stort behov for autonomi fordi han har vore indre motivert. Han har arbeida godt og lagt ned ein stor innsats for å mestre studiet og gjort alt frivillig (Sander, 2015, s. 2). For at informant 2 skulle bli motivert og få ein indre motivasjon i yrkeslivet sitt må han føle

kompetanse i det han gjer. Det å utforske og prøve seg på utfordrande oppgåver er noko informant 2 har gjort for å kome seg dit han er i dag. Gjennom mestringskjensla i kurssituasjonar til nederlag i ulike læresituasjonar har informant 2 tileigna seg kunnskap og kompetanse.

Alle har ulike føresetnadar i yrket sitt, om det handlar om talevanskars som stamming eller noko anna. Det er ikkje i alle yrke at ein kan tilpasse arbeidsoppgåver for kvar enkelt, men ofte vel ein den retninga som passar ein best. For informant 3 var opplevingar med å prate høgt vanskeleg tidlegare. No arbeidar han i barnehagen og blir utfordra i kommunikasjon dagleg, her opplev han også mestring. Sjølv om han også i dag vert usikker og litt nervøs når stamminga kjennast i kroppen, kan han i samarbeid med andre prøve å gå den rette vegen og få oppleve mestring. I møte med ulike handlingsrom i løpet av ein arbeidsdag må informant 3 handle ulikt. Om det er i situasjonar mellom han og barna eller i eit personalmøte må han følgje dei føringane og den åtferda som trengst og er forventa (Schiefloë, 2011, s. 118).

Som informantane mine fortel har dei opplevd arbeidsoppgåver og fått utfordringar som ikkje har gitt mestring, men dette har dei tatt læring av. Øvst på Maslows behovspyramide ligg behovet for å utvikle og bruke sine ressursar (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 77). Dette er noko som alle mine informantar strekk seg etter kvar dag, for å utvide kunnskapen sin.

## 6 Avsluttande refleksjonar

Formålet med denne oppgåva var å gjere temaet stamming meir synleg, og gjennom følgjande problemstilling: *Korleis opplev tre vaksne menneske å leve med stamming*, har eg prøvd å gi eit svar ved å fokusere på mine tre forskingsspørsmål.

- Korleis har stamminga verka inn på motivasjonen for yrkesvalet?
- På kva måte har stamminga hatt betyding for mestringsoppleveling i kvardagen?
- Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke?

### 6.1 Mine funn

Datamaterialet har gitt meg mykje informasjon om korleis det er å leve med stamming. Ut i frå analysen eg har gjort, har eg kome fram til tre hovudkategoriar som har fått eigne underkategoriar. Informantane har hatt ulik grad av engasjement for dei ulike tema, noko som viser seg godt i presentasjon av funn og drøfting. Dette viser også at informantane brenn for ulike delar ved stamminga, men samla sett tykkjer eg at eg har fått fram det mest sentrale ved oppgåva.

#### 6.1.1 Erfaring med eigen barndom

Alle mine informantar hadde noko å fortelje om sin tidlege barndom, men det var tydleg at informant 2 hadde klarare minner enn informant 1 og informant 3. Sidan fortida ikkje kan rekonstruerast måtte eg stille meg litt kritisk til kva informantane fortalte om sin barndom (Knutsen, 2002, s. 192). For informant 1 og informant 2 er mobbing av stamminga noko som har prega livet deira lenge. Eg har difor sett litt på kva skulen kan gjøre for å skape eit godt miljø for alle barn sidan skulen skal bidra til å skape ein helsefremjande utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 78).

Funna mine viser ein stor variasjon i den profesjonelle hjelpa dei tre informantane fekk for eigen stamming. I lova står det at ein har rett på logopedihjelp gjennom Folketrygdlova (§ 5-10). Opplæringslova § 5-1 er for å sikre barns rett til spesialpedagogisk hjelp, eventuelt bistand frå logoped. Funna viser at informantane som ikkje fekk hjelp med logoped og har budd i ei kommune som ikkje har gitt den hjelpa dei skulle. Noko som eg såg opp i mot Sætem (2013) som fortel at problemet ikkje ligg i mengde med logopedar i landet, men at logopedane ikkje blir tilsett i kommunane for å arbeide med stamming.

Mine funn under denne hovudkategorien fortel at informantane har ulike opplevelingar om

korleis det har vore å leve med stamming i den tidlege barndomen. Sjølv om eg ynskjer å studere korleis vaksne menneske opplev å leve med stamming no, har eg sett det verdifullt å få innblikk i den tidlege barndomen. Eg kan dermed kan studere minner og opplevingar som var før og korleis dette eventuelt er den dag i dag.

### 6.1.2 Mestring

Gjennom denne delen av oppgåva har eg prøvd å dekke mine forskingsspørsmål: Korleis har stamming verka inn på motivasjon for val av yrket? Og på kva måte har ein persons stamming hatt betydning for mestringsoppleveling i kvardagen?

I følgje empirien kjem det fram at alle informantar opplev mestring i sin kvardag, om det er i arbeid eller studie. I mitt teorigrunnlag har eg valt å halde fokus på Bandura (1977) sin teori om mestringsforventing der han fortel at det er ulike kjelder som kan føre til mestring. For informant 1 var to av desse kjeldene viktig: å mestre gjennom positive opplevingar og gjennom reduksjon av stress. Ved å nytte desse to klarte informant 1 å mestre ei stor utfordring han stod framfor. Både informant 1 og informant 2 opplevde ros, skryt og gode tilbakemeldingar får kollega. Effekten av den sosiale kontekst er noko Deci og Ryan (2000a) fokuserer på i sin teori om indre motivasjon. Menneske treng motivasjon for å ha noko som driv ein framover, det gir energi og uthald i noko som kan vere vanskeleg eller utfordrande. For mine informantar har den indre motivasjon vore viktig slik at dei har tørt å tatt utfordringane dei har møtt i sin kvardag, spesielt på arbeid eller i studiet. Verdien i positive tilbakemeldingar er difor stor for informantane. Dette har eg sett opp i mot temaet støtte for å mestre, som empirien viser at alle informantane har hatt stor nytte av. I Maslows behovspyramide (McLeod, 2007) blir behovet for vennskap, intimitet, tillit, aksept, kjærleik og kjensle av eit fellesskap viktig for at menneske skal utvikle seg. Desse behova har informantane fått dekt ved å ha ein eller fleire som står dei nær og som har gitt ei form for støtte, men samtidig blir dette utfordra ved å ”ikkje passe inn” i dei ulike behova som blir stilt i kvardagen. Vidare viser mine funn at informantane har hatt store utfordringar mentalt knyta til eigen stamming. Frykt, angst, redsle, depresjon, negative tankar og usikkerheit er noko dei gir uttrykk for. Alt dette er med på å påverke sjølvkjensla til eit menneske, men som Branden (2013) gir uttrykk for, kan kvardagen blir betre dersom ein har ei god sjølvkjensle.

### **6.1.3 Aksept**

Ved å studere forskingsspørsmålet: Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke, kom eg fram til ein hovudkategori. Ved hovudkategorien aksept, analyserte eg fram til aksept av eigen stamming og val av yrke og kommunikasjon. Dette har hjelpt meg ved å gi svar på problemstillinga mi fordi alle informantar fortalte kor viktig kommunikasjon er i ein kvardag med talevansken stamming.

Funna viser at to informantar har ulik oppleveling om akseptering av eigen stamming, men at tanken om akseptering kan gi større tru på seg sjølv og dermed kan ein slappe meir av i kvardagen. Empirien viser at ein må mentalt godta eigen stamming for å kome til ein aksept. Informant 1 fortel at han aksepterte eigen stamming som gjorde at han kom inn på arbeidsmarknaden og fekk større tru på seg sjølv. Som Branden (1989) fortel handlar akseptering om å kunne godta noko, men ikkje nødvendigvis like det. Det er vanskeleg å skulle setje ord på kva akseptering er, men for informant 2 er vegen for fullstendig akseptering av eigen stamming lang, og han trur han kanskje ikkje vil kome til ei akseptering av sin stamming.

Funna viser at informantane gir uttrykk for å vere tilfreds med dagens utdanning og yrke, men at stamminga tidvis kan vere problematisk i yrket. Menneske flest vel yrke på bakgrunn av kunnskap, interesse og prestasjon. Menneske som stammar vil kunne få problem i yrkeslivet av fleire grunnar. Både tilgang og motivasjon for å mestre yrkeslivet og sjølvkjensla for å gjennomføre det. Dette kan eg støtte opp med oppgåvas empiri, som viser at informant 1 har hatt store vanskar med få seg arbeid på grunn av stamminga. Funna viser også at han har hatt vanskar med kommunikasjon, men på grunn av akseptering og ein mental godkjenning har kommunikasjon vorte hans beste venn i yrkeslivet. Informant 2 har vanskar med sjølvkjensla fordi han føler eit press ved å skulle opptre som ein autoritetsfigur. Han fryktar at stamminga er og skal vere eit problem i yrkeslivet, der dagleg kommunikasjon direkte med pasientar og telefonsamtalar er vanskeleg. Funna frå informant 3 viser at kommunikasjon var eit problem når angst for å prate i store og små forsamlingar var høg. Gjennom vegleiing og god tilrettelegging i yrket er han tilfreds med yrkeslivet og kommunikasjonen den byr på.

## **6.2 Eigen refleksjon**

Det har vore ein stor og krevjande arbeidsprosess å setje saman delar til ei heilheit. Ved bruk av intervju som forskingsmetode føler eg at eg har klart å funne data som gir eit svar på den gitte problemstilling og forskingsspørsmåla. Gjennom denne oppgåva har eg prøvd å få fram at menneske som stammar, eller har stamma, har ein krevjande kvardag. Alt frå å presentere seg sjølv ved namn, ta ein telefon, bestille mat, spørje om pose i butikken, tørre å rekke opp handa i ei forelesing, ta ordet i ei forsamling og generelt føre ein dialog kan vere vanskeleg for ein person som stammar. Stamming er ein talevanske som mange menneske har. Difor er det viktig å gjere temaet synleg og arbeide for at alle skal vite noko om stamming, spesielt forskulelærarar, lærarar og helsepersonell. Dette kan vere med på å få vanska tidlig oppdaga og tiltak kan setjast inn. For meg personleg har temaet vore eit sårt punkt i livet, og mykje minne frå barndomen handlar om stamming og mobbing. Difor ynskjer eg å skrive denne masteroppgåva som tar føre seg tre vaksne menneske sin kvardag med stamming. Gjennom den tileigne kunnskapen eg har gjort meg føler eg at eg kan opplyse og informere andre menneske om talevansen stamming.

## **6.3 Tankar vidare**

Gjennom denne oppgåva har det og dukka opp andre forskingsområder som er verdt å forske på: kunnskapen forskulelærarar og lærarar har om stamming, eller foreldre til barn som stammar og hjelpeapparatet. Det er vertfall ikkje tvil i at temaet er viktig, og ressursar bør settast inn. Logopedtilbodet bør bli betre og meir av i alle kommunar og barnehagen og skulen bør få meir kunnskap om talevanskar slik at tidlig tiltak kan setjast inn. Både allmennkunnskapen og involvering av foreldra i barnehagen og skulen bør bli betre.

## 7 Referanseliste

Alm, P. (1995). *Stammen. Om stammens årsager og behandling*. Overs. C. Hermann. Stockholm: Gyldendal.

Bandura, A. (1977). *Self-efficacy: Toward a unifying theory of behavioral change*. Psychological Review, Vol. 84, No. 2, 191- 215. Henta 06. April 2017 frå <https://www.uky.edu/~eushe2/Bandura/Bandura1977PR.pdf>

Bandura, A. (1994). Self-efficacy. In V. S. Ramachaudran (Ed.), *Encyclopedia of human behavior* (Vol. 4, pp. 71-81). New York: Academic Press. (Reprinted in H. Friedman [Ed.], *Encyclopedia of mental health*. San Diego: Academic Press, 1998). Henta 24. Januar 2017 frå <https://www.uky.edu/~eushe2/Bandura/BanEncy.html>

Branden, N. (1989). *Sevaktelse: nøkkelen til et bedre liv*. Overs. T. Dyrøy. Oslo: Cappelen.

Branden, N. (2013). Henta 21.April 2017 frå <http://www.nathanielbranden.com/self-esteem-in-the-information-age>

Broeck, A.V., Vansteenkiste, M., Witte, H. D., Soenens, B., & Willy, L. (2010). *Capturing Autonomy, Competence, and Relatedness at Work: Construction and Initial Validation of the Work-Related Basic Need Satisfaction Scale*. Journal of Occupational and Organizational Psychology, 83, 981-1002. Henta 31. Mars 2017 frå [https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2010\\_VandenBroeckVansteenkisteNSscale\\_JOOP.pdf](https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2010_VandenBroeckVansteenkisteNSscale_JOOP.pdf)

Brumoen, H. (2007). *Vanen, vilje og valget*. Oslo: Gyldental akademisk.

Christmann, H., & Knudsen, P. F. (1991). *Forebyggelse af stammen*. Thuesen, Herning: Special- pædagogisk forlag.

Crichton-Smith, I. (2002). *Communicating in the real world: accounts from people who stammer*. Journal of Fluency Disorders, 27, 333- 352. Henta 14. April 2017 fra  
[http://www.csun.edu/~ainslab/readings/PastLabMembers/Kiley/Crinchton-Smith\\_Communicating%20in%20the%20real%20world\\_stammer.pdf](http://www.csun.edu/~ainslab/readings/PastLabMembers/Kiley/Crinchton-Smith_Communicating%20in%20the%20real%20world_stammer.pdf)

Dalen, M. (2013). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Deci, E. L., & Ryan, R. M. (2000a). *Self-Determination Theory and the Facilitation of Intrinsic Motivation, Social Development, and Well-Being*. American Psychologist, Vol. 55. No. 1, 68- 78. Henta 27. Februar 2017  
[https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000\\_RyanDeci\\_SDT.pdf](https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000_RyanDeci_SDT.pdf)

De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2016). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (NESH). Henta 17. Januar 2017 fra  
[https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/60125\\_fek\\_retningslinjer\\_nesh\\_digital.pdf](https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/60125_fek_retningslinjer_nesh_digital.pdf)

Deci, E. L., & Ryan, R. M. (2000b). *The "What" and "Why" of Goal Pursuits: Human Needs and the Self- Determination of Behavior*. Psychological Inquiry. Vol. 11. No. 4, 227- 268. Henta 4. April 2017  
[https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000\\_DeciRyan\\_PIWhatWhy.pdf](https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000_DeciRyan_PIWhatWhy.pdf)

Direktoratet for e- helse. (2016). *Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblem (ICD-10)*. Henta 31. Mars 2017 fra  
<https://finnkode.ehelse.no/#icd10/0/0/0/-1>

Espenakk, U., Frost, J., Høigaard, B., Klem, M., Monsrud, M.B., Ottem, E., ... Horn, E. (2007). *Språkveilederen*. Bredtvet kompetansesenter

Folketrygdlova. (1997). *Lov om folketrygd. (Folketrygdlova)*. Henta 09. April 2017 fra  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19/KAPITTEL\\_5-1#§5-7](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-02-28-19/KAPITTEL_5-1#§5-7)

Furnham, A. & Davis, S. (2004). *Involvement of social factors in stuttering: A review and assessment of current methodology*. Henta 28. Mars 2017 frå <https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC2231609/>

Guitar, B. (2014). *Stuttering. An Integrated Approach to Its Nature and Treatment*. (4th Edition). Philadelphia, PA : Lippincott Williams & Wilkins.

Hagtvet, E. B. (2012). *Språkstimulering. Tale og skrift i førskolealderen*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Hagtvet, E. B., Lillestølen, R., & Reynell, J. (1985). *Håndbok: Reynells språktest*. Oslo: Universitetsforlag. Henta 7 Mai. 2017 frå <http://www.nb.no/nbsok/nb/65e6c200cdb9c001179f6bcb876203c2.nbdigital?lang=n#0>

Halse, J. (2008). Humanistisk psykologi: Maslow, Glasser og Frankl. I: E. Jerlang. (Red), S. Egebjerg., A. J. Jonassen., S. Ringsted & B., Wedel- Brandt, *Udviklingspsykologiske teorier- en introduksjon*. (4.utg). Danmark: Han Reitzels Forlag.

Heitmann, R. R. (2016). *Naturlig småbarnsstotring eller begynnende stamming?* Henta 12. Mai 2017 frå <http://www.statped.no/globalassets/fagområder/språk-og-talevansker/språk-og-talevansker-dokumenter/taleflytvansker/Smaabarnsstotring-stamming>

Høgskulen i Volda. (2014). *Teoripensum for FLUNOR*. Volda: HVO. Henta 31. Mai 2017 frå <http://hivolda.studiehandbok.no/content/view/pensum/25467>

Imsen, G. (2000). *Elevens verden. En innføring pedagogisk psykologi*. (3.utg). Oslo: Tano Aschehoug.

Knutsen, P. (2002). *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi*. Bergen: Fagbokforlaget.

Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2007). ...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring. (St.meld. nr.16, 2006- 2007). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/a48dfbadb0bb492a8fb91de475b44c41/no/dfs/stm200620070016000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2008). Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne. (St.meld. nr. 23, 2007- 2008). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/e78e5e702d464f89bbc2f1a0d5f507d7/no/pdfs/stm200720080023000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2013). På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen. (Meld. St. nr. 20, 2012- 2013). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/53bb6e5685704455b06fdd289212d108/no/pdfs/stm201220130020000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2017). Lærerlyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen. (Meld. St. nr. 21, 2016- 2017). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/71c018d2f5ee4f7da7df44a6aae265bc/no/pdfs/stm201620170021000dddpdfs.pdf>

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskingsintervju*. (3.utg). Oslo: Gyldendal akademisk.

Lind, M., & Sønsterud, H. (2011). Å avbryte eller fullføre? Et spørsmål om kontekst. Norsk Tidsskrift for Logopedi 2. Henta 30. April 2017 frå [http://norsklogopedlag.no/uploads/docs/Stamming\\_2\\_11.pdf](http://norsklogopedlag.no/uploads/docs/Stamming_2_11.pdf)

Liverød, S. R. (2016). *Selvfølelsens psykologi. Bedre selvfølelse ved å bruke hodet litt annerledes*. Webpsykologen.no og Psykolog.com

Markussen, E., Lødding, B., Sandberg, N., & Vibe, N. (2006). *Forskjell på folk – hva gjør skolen?* Oslo: NIFU STEP.

McLeod, P. (2007). *Maslow's Hierarchy of Needs*. Henta 19. April 2017 frå <https://www.simplypsychology.org/maslow.html>

Nilssen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.

Nord, N. (2003). Stammen hos voksne. I: P. F. Knudsen, R. Fredfelt, D. B. Skøt, H. Riskær, L. Thielke, N. Nord, & D. Astrup (Red.), *Seks artikler om stammen og psykologi* (s.24- 30). Danmark: Forfatterne og Dansk Videnscenter for stammen.

Norsk Helseinformatikk. (2015). *Stamming*. Henta 09.April 2017 frå <https://nhi.no/sykdommer/barn/sosiale-problemer/stamming/>

Norsk interesseforening for stamming. (2017a). *Hva er NIFS?* Henta 12. Januar 2017 frå <http://www.stamming.no>

Norsk interesseforening for stamming. (2017b). *Taleflytvansker i skolen*. Henta 12. Mai 2017 frå <http://stamming.no/skole-og-stamming>

Opplæringslova. (2017). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. (oppæringslova)*. Henta 30. Mars 2017 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Personopplysningloven (2001). *Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningloven)*. Henta 12. Januar 2017 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31>

Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Preus, A. (1987). *Stamming og løpsk tale*. Oslo: Universitetsforlaget.

Riper, C. V. (1971). *The nature of stuttering*. Western Michigan University. London: Prentice- Hall International, INC.

Sander, K. (2015). *Selvbestemmelsesteorien*. Henta 17. Mars 2017 frå  
<http://estudie.no/selvbestemmelsesteorien/>

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse*. (2.utg). Bergen: Fagbokforlaget.

Self- Determination Theory. (2017). *Self- Determination Theory*. Henta 05. April 2017 frå  
<http://selfdeterminationtheory.org/theory/>

Shapiro, A. D. (2011). *Stuttering intervention*. (2.utg). Texas: PRO-ED, Inc.

Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (1996). *Selvoppfatning, motivasjon og læringsmiljø*. Otta: TANO A.S.

Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2015). *Motivasjon for læring. Teori + Praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stornes, T. (2012). *Prestasjon og mestring. Om motivasjon og læring i grunnskolen*. Henta 24. Mars 2017 frå  
[https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Tidsskrifter/Bedre%20Skole/BS\\_4\\_2012/5504-BS-4-12-web\\_stornes.pdf](https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Tidsskrifter/Bedre%20Skole/BS_4_2012/5504-BS-4-12-web_stornes.pdf)

Sætem, B. E. (2013). *Tilbudet til stammere er for dårlig*. Henta 12. Mai 2017 frå  
[https://www.nrk.no/ytring/tilbudget-til-stammere-ma-bli-bedre\\_-1.11373584](https://www.nrk.no/ytring/tilbudget-til-stammere-ma-bli-bedre_-1.11373584)

Sønsterud, H., Sjøstrand, Å., & Hoff, K. (2017). Å håndtere stammingen. I: A. Albrigtsen, T. Stauri & M. A. Wright (Red), *Ord til besvær. Livet med stamming*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. (4.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. (2.utg). Oslo: Gyldendal akademisk.

Yairi, E., & Ambrose, N. G. (2005). *Early Childhood Stuttering*. Texas: PRO-ED, Inc.

Wormnes, B., & Manger, T. (2005). *Motivasjon og mestring. Veier til effektiv bruk av egne ressurser*. Bergen: Fagbokforlaget.

Wright, M. A. (red), Albrightsen, A., & Tormod, S. (2017). *Ord til besvær. Livet med stamming*. Oslo: Abstrakt forlag.



## Vedlegg 1: Informasjon og samtykkeskjema

### Bakgrunn og formål

Først vil eg takke deg for at du ynskjer å stille til mitt masterprosjekt. Mitt namn er Birte Haddal Engeset, er 25år og bur i Ørsta. Eg har bachelor i forskulelærarutdanning og byrja så på masterstudie i spesialpedagogikk i Trondheim på Dronning Mauds Minne. Eg nærmar meg slutten og skal til å skrive masteroppgåve i samarbeid med NTNU. Eg har valt å fokusere på stamming som tema for mi masteroppgåve, der eg ynskjer å sjå på korleis stamming har påverka val av utdanning til tre vaksne menneske.

### Problemstilling

"Korleis har stamming påverka val av utdanning til tre vaksne menneske?".

### Kva inneberer deltakinga i studien?

Eg har valt å forske kvalitativt, og bruke intervju som metode. Du vil då vere med på ein intervjuusuasjon saman med meg, der vi har ein fin samtale ilag. Eg vil føre intervjuet på bakgrunn av intervjuguide som eg ynskjer å sende til deg på førehand. Tema som vil bli aktuelt under intervjuet er korleis stamming har påverka val av yrke og om korleis det har påverka din kvardag. Var der nokon spesielle menneske i livet ditt som har vore ei god støtte med tanke på stamminga di? Eller om der er nokon episode i oppveksten som du føle har vore viktig for kva retning stamminga har tatt? Vidare er eg interessert i å høre om stamming har påverka di mestringeskjensle og korleis kommunikasjon er i forhold til di stamming og val av utdanning.

Under intervjuet ynskjer eg å nytte bandopptakar. Fordi eg ikkje ynskjer å vere opptatt av å notere sjølv, men å vere fokusert på det du fortel. Når eg brukar bandopptakar vil eg også få med alt du fortel så eg ikkje mistar noko verdifull informasjon. Intervjuet vil vare i ca. 40 – 50 minutt, men dette kan variere.

### Kva skjer med informasjonen om deg?

All informasjon som blir gitt under intervjuet blir behandla etter retningslinjene frå Personvernombudet for forsking (NSD). Eg vil behandle alle opplysningar konfidensielt. Dette vil sei at eg ikkje skal formidle på nokon slags måte noko som kan identifisere intervjupersonen. I all forskingsmateriale og i rapporten vil du bli behandla som anonym.

Lydopptak frå intervjuet vil bli lagra på min datamaskin og på ein minnepenn (som sikkerheit) til masteroppgåva er levert inn for sensur og vil deretter bli sletta. Datamaterialet er det eg og min vegleiar som vil ha tilgang til. Når masteroppgåva vert godkjent vil alt av materiale som inneheld opplysningar om informant bli sletta. Masterprosjektet skal etter planen bli avslutta 15.juni 2017.

### **Frivillig deltaking**

Du deltek frivillig i denne studien, og kan når som helst trekkje deg frå den. Då vil all informasjon om deg og som du har gitt bli sletta, og eg kan ikkje nytte den i prosjektet.

Dersom du har spørsmål kan du kontakte meg eller min rettleiar, Førstelektor Else Johansen Lyngseth ved Dronning Mauds Minne, Høgskulen i Trondheim.

Else Johansen Lyngseth kan du kontakte på telefon: \_\_\_\_\_  
eller på mailadresse: \_\_\_\_\_

Som takk vil eg gjerne sende deg ein kopi av masteroppgåva når den er ferdig.

Mvh

Birte Haddal Engeset

Mailadresse: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

### **Samtykke til deltaking i studien**

Eg samtykker med dette at opplysingane Birte Haddal Engeset får under intervjuet med meg, kan nyttast i hennas masteroppgåve. Alle opplysningane eg gir blir behandla konfidensielt og kan ikkje sporast tilbake til meg.

Eg er frivillig informant og mottar denne informasjon

---

(Signer av informant, dato)



## Vedlegg 2: Intervjuguiden

Problemstilling: *Korleis opplever tre vaksne menneske å leve med stamming?*

- Korleis har stamminga verka inn på motivasjonen for valet av yrket?
- På kva måte har stamminga hatt betydning for mestringsoppleveling i kvardagen?
- Korleis har kommunikasjon og stamming påverka val av yrke?

### Generelt om stamminga

1. Kan du fortelje litt om deg sjølv?
2. Kan du fortelje litt om korleis du merka at du hadde ei talevanske som stamming?
3. Kan du hugse når og korleis det var å stamme i barnehagen eller i barneskulen?
4. Korleis var det og vokse opp med stamming?
5. Har du mottatt noko profesjonell hjelp for stamminga?

### Val av utdanning

6. Kva utdanning og jobb har du i dag?
7. Kan du fortelje litt om kva vurderingar som låg i grunn for val av utdanning?
8. Kva likar du best med jobben din, og kva likar du minst med den?
9. På kva måte har stamminga påverka val av utdanning?
10. Kva tankar har du om val av utdanninga di i forhold til stamming?
11. Er ei utdanning eller karriere du kunna tenkt deg, men stamminga har vore eit hinder for deg?

### Mestring

12. Kva er mestring for deg? / Korleis vil du definere mestring?
13. På kva måte bidreg arbeidet ditt til mestringskjensle?
14. Kan du beskrive situasjonar kor stamming har hatt påverknad på mestringskjensla di?
15. Kva mestringsforventing har du til deg sjølv i ein jobbsamanhang?
16. I kva grad styrte mestringsforventingane dine til val av aktivitetar / fag på skulen?
17. Har du eksempel på situasjonar eller episodar der du ikkje klarte å mestre på grunn av stamminga?
18. Har eller hadde du nokon mestringsteknikkar for å hindre stamming, og korleis brukte du desse?
19. Er eller var det nokon spesielle menneskje som har vore ei god støtte, eller som har hjulpe deg med stamminga?

## **Kommunikasjon**

20. Er du open om stamminga di til andre menneskje? Om ja, på kva måte?
21. Kva reaksjonar har du møtt på stamminga di i kommunikasjon med andre?
22. Har du nokon gong opplevd at menneskje ikkje forstår kva du fortel? Om ja, kan du beskrive dette?
23. Kan du beskrive korleis det kan vere å ha stamming i sosiale samanhengar?
24. Kan du fortelje litt om kva type syn du har på deg sjølv som kommunikasjonspartner?
25. På kva måte har du ein jobb som utfordrar deg i kommunikasjonen?
26. På kva måte pregar stamminga deg i forhold til å ta kontakt med nye menneskje?
27. Kan du beskrive nokon settingar som gir deg utfordringar med å prate?

## **Avsluttande**

28. Er du tilfreds med val av utdanning og eventuelt arbeid?
29. Er det noko du ynskjer å tilføye?

**Vedlegg 3: NSD**



Else Johansen Lyngseth  
FLT Fakultetsadministrasjon NTNU i Trondheim

7491 TRONDHEIM

Vår dato: 06.01.2017

Vår ref: 51527 / 3 / KH

Deres dato:

Deres ref:

**TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER**

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 11.12.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| 51527                       | <i>Korleis har stamming påverka utdanning og mestring til fire vaksne menneske</i> |
| <i>Behandlingsansvarlig</i> | <i>NTNU, ved institusjonens øverste leder</i>                                      |
| <i>Daglig ansvarlig</i>     | <i>Else Johansen Lyngseth</i>  |
| <i>Student</i>              | <i>Birte Haddal Engeset</i>  |

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database,  
<http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.06.2017, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Kjersti Haugstvedt tlf: 55 58 29 53

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*



## Vedlegg 4: Tekstnær koding og kategorisering

Steg 2 i kodeprosessen:

| Kode                                    | Empiri  |
|---|---|
| Bytta namn                              | ”Det var såpass ille at eg bytta namn. Når eg skulle ut på jobbmarknaden klarte eg ikkje å seie det. Seie namnet mitt” (Informant 1).   |
| Aksept                                  | ”Eg merkar at etterkvart som eg har aksepterte stamminga mi meir og meir, merkar eg at eg aldri vil slutte å stamme” (Informant 2)  |
| Stamming påverka val av yrke            | ”Dette har eg tenkt litt på, min første tanke er ”nei”. Men eg byrja å tenke tilbake at kanskje, på ein merkeleg måte har det gjort at eg ikkje gjorde noko meir ut av utdanninga” (Informant 3).   |
| Verdien i å ha ein lærar som løftar deg | ”Det opplevast litt tilfeldig, at eg fekk ein lærar som hadde rett personlegdom og eigenskap, sånn skal det ikkje vere. Eg har vore heldig, eg har hatt ein lærar som har sett meg” (Informant 1)   |
| Støtte                                  | ”Alle desse har turt å ta tak i stamminga mi. Dei har utfordra meg, og det har gjort at eg har blitt sterkare. Når eg møter pasientar som kan tenkje at vi er på same nivå, fordi eg stammar, prøvar eg å ikkje tenkje negativt på det” (Informant 2) |
| Verdien i læraren                       | ”Eg kan hugse at ho tok seg tid til å lytte, lytte til det eg hadde å fortelje. Dei andre barna og nokre lærarar skunda seg og ta orda frå meg slik dei skulle kome vidare i samtalen” (Informant 3)  |

Tabell: Kode og tilhøyrande empiri.

Steg 3 i kodeprosessen:

| <b>Informant 1</b>                      | <b>Informant 2</b>            | <b>Informant 3</b>                 |
|---|-------------------------------|------------------------------------|
| Mentale utfordringar                    | Tankar som går på det mentale | Mobbing                            |
| Aksept                                  | Støtte                        | Verdien i læraren                  |
| Yrke med lite kommunikasjon             | Mestringskjensle              | Spesiell person                    |
| Likar utfordringar                      | Mobbing i oppveksten          | Mestring                           |
| Verdien i å ha ein lærar som løftar deg | Aksept                        | Utfordring i kommunikasjon på jobb |
| Stamming påverka mestringskjensla       | Ingen forstår                 |                                    |

Tabell: Kode og informantoversikt.